Høyringsutkast til forvaltningsplan

Folgefonna nasjonalpark

Høyringsutkast, fagleg godkjent 16.09.2026



Foto: RosendalNatur

Innhald

Forvaltningsplanen skal innehalde: 3
Om kunnskapsgrunnlaget 4
Naturen 4
Geologi 4
Naturtypar 6
Artsmangfald 7
Raudlisteartar 9
Negativ påverknad 10
Tilleggsopplysningar 10
Klimaendringane 10
Brukshistorie i Folgefonna nasjonalpark 11
Verneprosess 11
Eigarstruktur 12
Bygg og installasjonar 12
Landbruk 13
Kvinnherad kommune 16
Ullensvang kommune 16
Etne 16
Samhandling med aktørar i forvaltninga 16
Fjerning av framande treslag 17
Beite og slått 17
Jakt og Fiske 17
Friluftsliv 18
Reiseliv 19
Forsking og undervisning 19
Kulturminne 19
Motorferdsel 22
Forvaltninga 24
Naturmangfaldlova 25
Sentrale føringar 26
Forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark 30
§ 2.Formål 30
Forvaltningsmål for nasjonalparken 30
(Strategi) 30
Tiltak 32
Retningsliner 37

Forvaltningsplanen skal innehalde:

Merk at sjølve forvaltningsplanen vert eit digitalt verktøy som alle får tilgong til. Mens vi ventar på tilgong til ny løysing ser arbeidsutkastet slik ut. Endeleg utsjånad blir noko anna enn dette dokumentet, men forvaltningsplanen skal innehalde desse elementa:

- Oppdatert kunnskapsgrunnlag
- Forvaltningsmål
- Tiltak (for å nå måla, i prioritert rekkefølgje)
- Retningsliner

Om kunnskapsgrunnlaget

Dette kunnskapsgrunnlaget er eit resultat av arbeidet med å samle inn relevant informasjon i samband med revidering av forvaltningsplanen for Folgefonna og dei kringliggande landskapsvernområda. All forvaltning av verneområda skal vere kunnskapsbasert, som vi oppsummerer i dette dokumentet som eit vedlegg til forvaltningsplanen. Kunnskapsgrunnlaget er i det meste ført i pennen av Øystein Wallevik og Henriette Bye, sidan redigert og tilpassa dette formatet. For meir utdjupande kunnskap om verneområda anbefaler vi boka Folgefonna og fjordbygdene, utgitt i 2011.

Naturen

I Folgefonna nasjonalpark kan du bevege deg frå lune fjordarmar i Hardanger, gjennom djupe dalar med fossande elvar, forbi blågrøne brefall og opp på høgfjellet med utsyn over landets tredje største isbre, Folgefonna.

Landskapet er sterkt prega av nærleik til breen. Fjellterrenget her er nesten vegetasjonslaust, og den ljose blåfargen på vatnet i mange av innsjøane og elvane i området viser at dei er sterkt påverka av brevatn. Fjellterrenget med kort avstand til fjorden gjev korte, bratte og til dels ville elvelaup. Breen og nærområdet byr på unike innblikk i kva som gjekk føre seg den gongen innlandsisen dekte store delar av Skandinavia, då brearmane grov ut fjordane og dalane som gjer vestlandsnaturen så vidgjeten.

Sjølve breen Folgefonna er delt i tre platåbrear. Søre Folgefonna på 168 km^2 er den største av dei, og er samstundes den tredje største isbreen i Noreg. Midtre Folgefonna dekkjer 11 km^2 og Nordre Folgefonna 26 km^2. Høgaste punktet på breen, 1662 moh., ligg på Søre Folgefonna og iskappa er nesten 600 meter djup på det tjukkaste. Det høgaste punktet på breen ligg på 1662 moh. På Sørfonna fell det i snitt 5500 millimeter nedbør kvart år, og det gjer toppen av Folgefonna til ein av dei våtaste plassane i Noreg.

Geologi

Folgefonnhalvøya har stor variasjon av geologiske og kvartærgeologiske kvalitetar. Landformene i området ber tydeleg preg av isen sitt virke gjennom tidene. Generelt består berggrunnen i Folgefonna nasjonalpark av mykje granitt og migmatitt, men også andre bergartar er å finne. Fjellformasjonane frå Odda mot Utne har ein berggrunn bestående av andesitt, danna frå vulkansk aktivitet langt tilbake i tid. Lengst nord i nasjonalparken kan ein finne innslag av tonalitt som også går under namnet "kvit granitt". Like før Røldal startar eit smalt belte av bandgneis, frå Seljestad heilt til stølane i Vierdal aust i nasjonalparken. Litt lengre sør for Vierdal finn vi fyllitt rundt fjellet Sauanuten, ein sedimentær bergart som er den dominerande bergarten vest på Hardangervidda. Fyllitten gir opphav til eit rikare jordsmonn, med meir kalk enn vanleg i

desse fjella. Frå Rosendal strekk det seg eit vidt belte av ein vanleg djupbergart, gabbro, heile vegen til Åkrafjorden. På Åkrafjordsida finn vi også omdanna gabbro, såkalla metagabbro, som har vore utsett for så høgt trykk eller temperatur at den har fått endra mineralsamansetning og struktur. Frå Skeidsfjellet mot Blådalsvatnet finn ein mykje av ein annan djupbergart kalla granodioritt. Fleire landemerke er prega av geologiske førekomstar, og fleire populære turistmål i og utanfor nasjonalparken, ligg i spektakulære geologiske landskap.

Kvartærgeologisk har Folgefonna og områda rundt stor verdi. Dei fleste landformene rundt Folgefonna er, naturleg nok, prega av aktiviteten til isen gjennom tidene. Dalføra rundt breen inneheld eit mangfald av landformer som fortel om historia til breen og korleis isen har forma landskapet. Døme på dette er randmorenar, terrassar, breelvdelta og ymse former danna i fast fjell, som jettegryter og smeltevasskanalar. Landskapet rundt bre og elvar endrar seg relativt raskt, og difor er dette eit landskap der ein òg kan studere aktive prosessar. Dei siste tiåra har det vore kraftig tilbaketrekking av brear fleire plassar i Noreg, og forskarar jobbar kontinuerleg med å kartleggje utviklinga også på Folgefonna.

Isbreane på Folgefonna var heilt vekksmelta i perioden mellom 8000-5000 år før vår tid. Bondhusbrea som brearm begynte å vekse att for om lag 2300 år sidan og nådde maksimum utbreiing i moderne tid i 1890-åra. Dette var nesten 150 år seinare enn dei andre breane i Sør-Noreg hadde maksimal utbreiing under vesle istid og viser at Folgefonna har andre påverknadsfaktorar som styrer utviklinga av breen. Sørfonna og Nordfonna er begge kartlagde med georadar som avslører landskapet under isen er meir variert enn tidlegare anteke. Isen på det djupaste er 570 meter tjukk og har gjennomsnittsdjup på 190 meter (Johansson & Bakke et. al., 2022).


Dei innhaldsrike dalføra rundt breen byr på eit mangfald av landformer som randmorenar, terrassar, breelvdelta og ymse formasjonar i fast fjell, som jettegryter og smeltevasskanalar. Desse landformene fortel historier om isbreen sine rørsler og korleis han har forma landskapet rundt seg. I tillegg gir det raskt skiftande landskapet rundt breane og elvane einestående høve til å studere aktive geologiske prosessar i sanntid.

Desse kvalitetane gjer Folgefonna og omeign til eit levande klasserom for vitskapleg forsking og formidling. Universitetet i Bergen nyttar dette unike naturklasserommet til å fremje forståinga av kvartærgeologiske prosessar, ikkje berre blant studentar og forskarar, men òg for eit breiare publikum. Dei kontinuerlege studia og den nyvunne kunnskapen frå dette området bidreg vesentleg til vår forståing av klimaendringar og landskapsdynamikk, og understrekar tydinga av å bevare områda for framtidige generasjonar.

Folgefonna - Høyringsutkast til forvaltningsplan 2026

Naturtypar

Folgefonna nasjonalpark omfattar fyrst og fremst bre- og fjellområde. Berggrunnen er dominert av harde og sure bergartar som gneis og granitt. Der nasjonalparken strekk seg ned i låglandet i Sandvikedalen og Furebergsdalen finn vi skogområde med naturleg førekommande furuskog med lommar av bjørkeskog, oreskog og varmekrevjande lauvskog.



Artsdatabanken lagde i 2018 ei raudliste for naturtypar i Noreg, som viser kva naturtypar som står i fare for å gå tapt i Noreg. Her finn vi fleire typar natur som er vanlege i Folgefonna som rabbar, snøleieblokkmark, snø og is og ulike utformingar av snøleie som har hamna på raudlista på grunn av klimaendringane. Det er også førekomstar av skjøtselskrevjande naturtypar, då særleg det dei kallar boreal eng, som ein finn rundt stølane. Desse naturtypane er avhengige av tradisjonell skjøtsel med moderat sommarbeite og rydding av buskar og tre for å ikkje gro att.

Det er ikkje gjort nokon heildekkande kartlegging av naturtypar i nasjonalparken, men det er registeret fire naturtypelokalitetar med verdi i verneområdet. Det er ein lokalitet med gamal kystfuruskog i Furebergsdalen, på nærare 350 mål. Skogen er urørt av moderne skogbruk med preg av lang kontinuitet der enkelte tre truleg er over 300 år gamle. Ein del gadd (ståande død ved) gir gode tilhøve for vedbuande sopp og lav, men dette er ikkje nærare undersøkt. Også yngre tre er representert og det er generelt stor aldersspreiing, utan nokon dominerande generasjon. Såpass gamal naturskog er sjeldan i vårt distrikt og viktig å ta vare på. Skogområda i Folgefonna er venta å få høgare verdi som habitat for sjeldne og trua artar etter kvart som dei veks til og oppnår meir urskogspreg.

Søraust i nasjonalparken finn vi fleire kalkrike fjellområde med ein kalkkrevjande fjellflora. Områda ligg på 1200-1300 moh. rundt Sauanuten og i øvste del av den sørvestvendte dalen Skjeggeshøset, nordaust for Bergstødvatnet (767 moh.). Her finn vi kalkrik berggrunn i kontrast til dei sure gneisane som pregar området rundt. Overalt er det rikeleg med fint oppsmuldra forvitringsjord, og gode forhold for fjellartar som krev rik mineraljord. Rabbevegetasjon manglar eller førekjem berre på knausar som stikk opp i terrenget.

Vi kan også finne andre kalkrike område i nasjonalparken, i ulike bergskòrer ved Reisete. Det er også mange rasmarker i nasjonalparken, som kan vere heim til sjeldne artar av planter, då rasmarkene typisk har gode fukt- og næringsvilkår for konkurransesvake og lyskrevjande artar. Eit godt eksempel er rasmarka ved Hildalsvatnet i Guddalsdalen.

Det beste for dei biologiske verdiane på alle lokalitetane er å unngå fysiske inngrep, men moderat beiting er truleg positivt.

Artsmangfald

Det er ikkje gjennomført nokre heildekkande kartlegging av artar i Folgefonna, etter nokon artsgrupper. Vi forventar at vi finn eit representativt utval av artane som er typiske for fjell- og dalstrok på Vestlandet. Det er også forventa at bestandsutviklinga for artane her er som i liknande økosystem. Det er vanskeleg å seie noko meir om artane i Folgefonna utan kartlegging.

Folgefonna nasjonalpark består av store områder med fjell og is, men ser ein nedfor brekanten finn vi eit breiare utval av natur og naturtypar, med artar tilpassa livet her. Fjellområda har i stor grad ein nøysam flora og fauna tilpassa det næringsfattige jordsmonnet og eit ekstremt høgfjellsklima, men enkelte som stiller høgare krav til omgjevnadane sine. Vegetasjonen og dyrelivet rundt Folgefonna er typisk for regionen, og det største artsmangfaldet finn vi i skogområda i dei lågareliggjande delane av nasjonalparken.

Skogen i dalsidene har eit artsmangfald som er representativt for slike skogar på Vestlandet. I liene langs vestsida av Sørfjorden er det registrert ein uvanleg tett bestand av kvitryggspett, ein art som stort sett er utrydda elles i Europa på grunn av skogbruk. Kvitryggspett og gråspett er artar av nasjonal forvatningsinteresse og noko vi skal ha ekstra fokus på.

Artsdatabanken samlar alle funn av norske artar. Funna er basert på rapportering frå både privatpersonar og frå institusjonar med kartleggingsoppdrag. Data derifrå er verdifulle, men med ein betydelege svakheit, då funndata ikkje er representative for artars utbreiing og nokre artsgrupper er sterkt underrapporterte. Dette gjeld for mosar, lav, sopp, virvellause dyr og pattedyr der det er registrert svært få funn i nasjonalparken.

Det er registrert funn av 65 ulike fugleartar i Folgefonna, og det er truleg at rundt 50 av desse kan hekke i nasjonalparken. Ein av artane som har tilpassa seg eit liv i høgfjellet er fjellrypa. På vinteren når andre dyr må gje tapt for snø og kulde, held fjellrypa stand og livnærer seg ved å ete planter blant steinblokker og på snølause rabbar. Om været er for ille trekk fjellrypene ned i liene, og grev seg ned i snøen til liks med sin nære slektning lirypa.


Blant vierkratta i Vierdal har blåstrupa funne ein av sine få hekkeplassar på Folgefonnhalvøya. Dette viser kor viktig dei spesialiserte habitat er for å støtte særskilde artar. Der blåstrupa held seg lågt i terrenget er kongeørna eit majestetisk innslag i luftrommet over Folgefonnhalvøya. Ofte vert den sett svevande høgt over fjellandskapet der den jaktar på rype, hare og andre byttedyr. Kongeørna er ikkje den einaste rovfuglen i området, og endå oftare kan vi sjå havørna. Der kongeørna jaktar meir aktivt, set havørna stor pris på åtsel ho finn både til fjells og langs kysten.

Om vi er skikkeleg heldige kan vi sjå både fjellvåk, tårnfalk, jaktfalk og ein og annan dvergfalk. Både fjellvåk og tårnfalk er trekkfuglar og gnagarspesialistar, og bestandane vil variere med næringstilgong. Jaktfalken er ein rypespesialist og han hekkar på Folgefonnhalvøya når tilgongen på smågnagarar er god.

Det er også spekulert i om gaupa kan ha fast tilhald vest og sørvest på halvøya, i Kvinnherad og Etne kommune. Gaupa er eit skogsdyr som treng store samanhengande leveområde, gjerne opp mot 500 km2 i eit territorium. Dette samsvarar dårleg med dei

karrige fjellområda som mykje av Folgefonnhalvøya består av, men det er ikkje utelukka at det finnast enkelte dyr. Byttedyr som hjort er det mykje av, og til og med favorittbyttet rådyr er å finne, noko gaupa nok vil setje pris på. Enkelte streifdyr av jerv kan nok førekoma, men større rovdyr vil nok ikkje slå seg ned i området over lengre tid. Elgen er heller ikkje ukjend i bygdene, og ei lita stamme held til på grensa mellom kommunane Odda og Etne. På Folgefonnhalvøya vert elgen å rekna som eit streifdyr.

Rundt Folgefonna, spesielt ved breen, finn ein unike plantar som trivst godt nær snø og is. Hard og sur berggrunn er ei stor utfordring for mange planteartar, men i enkelte næringsrike område nord og aust for breen trivs sjeldne planter som reinrose. Det er registrert rundt 200 artar av karplanter i nasjonalparken.



Raudlisteartar

Dei norske raudlistene for artar og naturtypar gir ei oversikt over statusen til arter og naturtypar som er trua i Norge. Kategoriane på raudlista viser kor høg risiko det er for at desse artene kan døy ut eller at naturtypar kan gå tapt under dei rådande tlhøva. Vurderingane på raudlista blir brukt til å vekte kor trua dei ulike artene eller naturtypane er, og reflekterer kor kritisk situasjonen er for kvar kategori.

Som nemnt er det ikkje gjort systematiske kartleggingar av artar og raudlisteartar i Folgefonna nasjonalpark. Vi forventar å finne fleire raudlista artar blant virvellause dyr, mosar og lav.

Det er registrert 15 karplanter som er nær trua på raudlista og to artar som er registerte som sårbar (jøkelstarr og kystfrøstjerne). Dei aller fleste av desse artane er knytt til høgfjellsnatur som rabbar og snøleier. Dei er trua fordi habitata deira forsvinn som følgje av menneskeskapte klimaendringar. Kystfrøstjerne finn vi i rasmarka ved Hildalsvatnet. Dette er ein art knytt til ope berg, skog og kyst og vi finn han på Sørvestlandet.

Negativ påverknad

Som det kjem fram av avsnitta om artar og naturtypar er den største negative påverknaden på verneverdiane klimaendringane som går føre seg no.

Menneskelege inngrep er stort sett nasjonalparken verna i mot. I nokre tilfelle vil menneskeleg aktivitet true verneverdiane. Det gjeld særleg slitasje frå ferdsel ved sårbare naturtypar og kvartærgeologiske førekomstar. Vi må også vere forsiktige med nye installasjonar og bygningar i verneområda, sidan så mange av naturtypane allereie er trua. Det er planta noko norsk gran i delar av nasjonalparken som er ein uønskt art her, som vil endre det lokale skogbiletet totalt om han får spreie seg. Det er også gjort funn av siktagran til dels over den noverande skoggrensa. Det er viktig å fjerne desse førekomstane før dei spreier seg meir.

Tilleggsopplysningar

Bakgrunnsdata for naturtypar og artar er tilgjengeleg i databasane for økologisk grunnkart, artskart og raudlista for naturtypar frå 2018 og raudlista for artar frå 2021 hjå Artsdatabanken. Fakta om geologi er henta frå Noregs Geologiske Undersøking (NGU) og aktuelle forskingsrapportar frå Universitetet i Bergen si forsking rundt breen på Folgefonnhalvøya.

Klimaendringane

Klimaendringane har fleire effektar på Folgefonna nasjonalpark, spesielt på isbreene og økosystema i området. Her er nokre av dei viktigaste effektane:

Folgefonna smelter på grunn av auka temperaturar. Dette fører til redusert ismasse og tilbaketrekking av brefrontane. Noregs Vassdrags- og energidirektorat (NVE) overvaker utviklinga av Noregs brear, og utarbeider kvart år ein rapport som skildrar utviklinga. I ein tiårs periode frå 2012-2022 såg ein at 24 ulike brear i Sør-Noreg trakk seg tilbake med eit gjennomsnitt på 200 meter. Gråfjellsbrea i Folgefonna nasjonalpark stod for ein av dei største tilbaketrekkingane med 629 meter på 10 år, medan Svelgabreen, med ein tilbaketrekning på 43 meter på ti år (NVE rapport, 2022). Om vi føl utviklinga som i dag med moderate klimascenario vil Folgefonna og Noregs tredje største isbre med det vere heilt avsmelta innan 80-100 år.

Smeltinga av isbreen fører til endringar i vassføringa. Smeltevatn frå isbreane påverkar vassføringa i elvar og innsjøar i og nedstraums nasjonalparken. Endringar i temperatur og nedbørsmønstre påverkar flora og fauna i nasjonalparken. Artar som er avhengige av snøleier og ope fjellandskap får det vanskelegare med å overleve med høgare tregrense og mindre snø. Framande bartre spreier seg allereie høgt til fjells og har potensiale til å endre landskapet fullstendig.

Klimaendringar kan også påverke turismen i området, men det det vanskeleg å seie konkret kva effektane av klimaendringar vil vere på besøket i nasjonalparken. Det er stor aktivitet knytt til guida breturar i nokre av brefalla våre, og desse blir vanskelegare å nå etter kvart som dei smeltar tilbake. Isen er eit stort trekkplaster for mange av dei besøkande. I Bondhusdalen ser vi likevel at talet på besøkande går opp sjølv om breen no ikkje er synleg lenger frå Bondhusvatnet. Auka nedbør og større førekomst av ekstremvér fører også til meir ras og steinsprang som krev omlegging av stiar og liknande. Redusert isbredekke vil også endre landskapet og dermed opplevinga for besøkande. Det har i ei årrekke med smeltande brearmar vore betydelege tryggleiksproblem knytt til besøkande som «følgjer etter» brearmane sine løp på jakt etter isen. Nyleg avsmelta område har ustabil geologi og er utsett for ras og her utsett besøkande seg for betydeleg fare.

Brukshistorie i Folgefonna nasjonalpark

Verneprosess

Tanken om nasjonalparkar vart lansert tidleg på 1900-talet i Noreg, men det tok heile 60 år før den første parken, Rondane nasjonalpark, vart oppretta i 1962. Seinare vart fleire nasjonalparkar oppretta, basert på ein landsplan frå Statens naturvernråd. I St.meld. nr. 62 (1991-1992) vart det vist til at nasjonalpark og landskapsvernområde kunne vere aktuelle verneformer for delar av Folgefonnhalvøya. Arbeidet med sjølve verneplanen for området kom formelt i gang med eit oppstartsmøte i Mauranger 27. januar 1998. Storleiken på planområdet utløyste krav om konsekvensutgreiing, og denne var ferdig utarbeidd i 2003 (Forvaltingsstyresmakta i Hordaland 2003).

Etter at verneplanen og konsekvensutgreiinga hadde vore på lokal høyring sende forvaltingsstyresmakta eit revidert verneframlegg til sentrale styresmakter (Forvaltingsstyresmakta i Hordaland 2004). Den endelege vernegrensa for Folgefonna nasjonalpark er eit resultat av kompromiss mellom ulike interesser. Under opninga i 2005 vart Folgefonna omtalt som ei "juvel" blant norske nasjonalparkar, på grunn av sin kystnære beliggenheit og fjordomkransa landskap, som gjev unike naturopplevingar og er viktig for framtidig klimaindikasjon.

Verneområda i og rundt Folgefonna nasjonalpark omfattar dei tre kommunane Etne, Ullensvang og Kvinnherad. Under verneprosessen var også Jondal og Odda eigne kommunar, som no vert medrekna i Ullensvang kommune.

Eigarstruktur

Det er registrert 283 gards- og bruksnummer i Folgefonna nasjonalpark,

44 % av arealet er statsallmenning medan 56 % er privateigd (tabell 1).


	Totalt	Statsalmenning	Privat
Folgefonna nasjonalpark	545,2	241,1	304,2
Kvinnherad kommune	279,5	121	158,5
Ullensvang kommune	153,3	75,5	77,8
Etne kommune	112,5	44,5	68
%		44,2	55,8

Få til eit kart som viser private eigedommar og statsalmenning.

Bygg og installasjonar

I basen Naturoppdrag er målet å samle alle registrerte installasjonar av ulike typar i verneområda. For Folgefonna nasjonalpark er det registrert 119 installasjonar totalt. Det er registrert om lag 50 hytter, buer og sel inne i nasjonalparken. Dei fleste av desse er knytt til gamle stølsvollar, fiskeplassar og liknande. Nokre er jaktbuer og gjetarbuer av nyare dato. I tillegg er det registrert 16 gamle tufter etter bygningar på stølsvollane i nasjonalparken.

Det er registrert 9 bruer i nasjonalparken.



Landbruk

Bruk av ressursane i naturen gjennom beiting, sanking og jakt har lange tradisjonar i Folgefonna nasjonalpark. Innanfor nasjonalparken vil utøvinga av landbruk stort sett gjelde beitebruk og noko hogst av ved. I Støladalen rett utanfor nasjonalparken er dei eldste spora etter støling datert til jarnalderen.


Det er tolv stølsområde i nasjonalparken og to nedlagte gardsbruk, Londalen og Hjortedalen, innanfor vernegrensa.

Stølane er: Vierdal, Raunsdalen, Håedal, Fynderdalsstølen, Krokasætret, Tveitnessetra, Furebergssætret, Vatnastølen, Myrdalssætret, Faurlia, Hildalsstølen og Seimshildalen.

Dei fleste av desse er i dag i bruk som utmarksbeite for sau. Sidan vernetidspunktet har det ikkje vore storfe på beite andre plassar enn på Vierdalsstølen.

For dei som driv landbruk er det viktig at det finst ordningar for motorferdsel, m.a. i krisetilfelle der husdyr går i skòrfeste, vert sjuke o.l. I landskapsvernområda er det direkte unnatak for motorferdsel i slike tilfelle, men i nasjonalparken må det søkjast forvaltingsstyresmakta om løyve jf. pkt. 6.3 b, c og e i vernereglane. Dei seinaste åra har fleire og fleire i landbruksnæringa ynskja å nytte droner til å finne sau i skòrfeste. Dette må det også søkjast om dispensasjon til frå forvaltningsmynda etter naturmangfaldlova § 48.

På Folgefonnhalvøya er det fleire som nyttar verneområda til beitedrift. Dette gjeld både sau, storfe og geiter.



Koordinatsystem: UTM 33 kilden.nibio.no 20.10.2025

KART: Beitelag omfatta av nasjonalparken, og kartmodell over gjengroing.(kilden: Bryn, A. & Hemsing, L.Ø. (2012): Impacts of land use on the vegetation in three rural landscapes of Norway. International Journal of Biodiversity Science, Ecosystem Services & Management 8(4): 360-371.)

Det finst ingen fullgod oversikt over kor mange dyr som blir slept på beite inne i Folgefonna nasjonalpark, det er mange beiteområde som overlappar med verneområdet.

Kvinnherad kommune

- Fjellhaugen beitelag
- Bjørnebøle beitelag
- Kvinnherad sankelag har 55 medlemmer. Ein god del areal i nasjonalparken frå Blådalen til Ænesdalen. (30 -40 % av beiteområdet sitt er NP). Slapp i 2023 2743 sau med 3890 lam på beite, samt 90 storfe og 80 geiter.
- Mauranger beitelag har 18 medlemmer. Her er noko mindre andel av arealet i nasjonalparken (15 -20 %). Dyra deira kan ein finne heilt frå Ænesdalen til Austrepollen og Nordrepollen. I 2023 slapp dei 484 sau med 715 lam på beite, samt 146 storfe og 63 geiter.

Ullensvang kommune

- Vestsida Beitelag med 6 medlemmer held til heilt nord i Folgefonna nasjonalpark, i området rundt Vernanuten. I 2023 slapp dei 333 sau med 579 lam på beite i tillegg til 14 storfe.
- Jordal Beitelag med 8 medlemmer har dyra sine i Buer landskapsvernområde og i Folgefonna nasjonalpark retning Kvanndalsvatnet. I 2023 slapp dei 189 sau med 294 lam på beite, samt 21 storfe.
- Sauanuten Beitelag dekkjer både Ullensvang og Etne med 7 medlemmer. Desse slapp 431 sau med 652 lam ut på beite i 2023, samt 15 geit og 15 storfe. Beiteområdet deira går heilt frå Kvanndalsvatnet vidare sørover langs nasjonalparken, og kryssar E134 i Etne kommune.

Etne

Valestrands Beitesforening AS. Området dei nyttar går frå Hjortedalen austover mot Svartenuten, og nordover mot Fagnabotnen. I 2023 slapp dei 189 sau med 255 lam på beite.

Samhandling med aktørar i forvaltninga

- Nasjonalparkstyret gir løyve til motorferdsel i samband med landbruksverksemd og beitebruk i nasjonalparken slik brukarane ser behov for det om det er i tråd med verneforskriftene

- Løyve er gitt til å frakte ut saltsteinar, berge sau i skårfeste, frakte proviant og material til vedlikehald av beitebuer og stølar og liknande. Det har også vore praksis å gi løyve til ettersyn av sau med drone, noko som lettar arbeidet med sanking og oversikt over sauene i eit ulendt terreng.

- I Folgefonna nasjonalpark har vi fleire skjøtselskrevjande naturtypar knytt til stølsvollar og beiteområde. Tilskot for å beite i utmarka kjem gjennom kommunane og det har ikkje vore tradisjon for at nasjonalparkstyret har bidrege til dette i våre verneområde. Forvaltningsstyresmakta samarbeider med landbruksavdelinga i kommunane. Det er heller ikkje gjennomført kartlegging, verdivurdering eller vurdering av skjøtselsbehov for skjøtselskrevjande naturtypar i Folgefonna nasjonalpark. Dette kunne vore med å sikre finansiering av vidare drift i viktige naturtypar i verneområdet.

Med tradisjonell utmarksbeiting meiner vi beite av dei beitedyr og rasar som det er tradisjon for i området og/eller som sleppast i utmarka i dag. Forskriften for nasjonalparken sett ingen begrensningar i tall dyr som kan beite i området. Vi forutsett likevel at antallet beitedyr til eikvar tid står i forhold til ressursgrunnlaget for bærekraftig beitebruk. Med ny teknologi som "no-fence", kan det være aktuelt med geit som skjøtselsarbeidere på stølsvollar.

Fjerning av framande treslag

I tillegg til å ta opp og/eller auke beitetrykket, vil det også vere positivt å fjerne noko av treoppslaget, noko som spesielt gjeld etablerte og/eller planta framande bartre. Det veks spreidde førekomstar med bartre. Desse bør overvåkast, og fjernast ved fare for spreiing.

Beite og slått

Aktuelle naturtypar i utgreiingsområdet som tidlegare har blitt kulturpåverka og der vegetasjonen endrar seg vesentleg ved opphøyr av skjøtsel og framveksande gjengroing er lista opp nedanfor:

I nasjonalparken vil dette vere prioriterte område som det bør utgreiast ein skjøtselsplan for:

- Sandvikedalen-Hjortedalen
- Myrdalen-Øvre Myrdal
- Vierdal

Jakt og Fiske

Jakt og fiske har også lange tradisjonar rundt Folgefonna. Hjortestamma er ein av dei sterkaste i landet, og mengda dyr som vert felt kvar sesong er heilt i Noregstoppen.

Jakta i seg sjølve har ikkje utvikla seg mykje sidan opprettinga av vernet, med jakt på hovudsakleg hjort, rådyr og noko elg, samt noko skogsfugl, men kvotene for hjort har gått betydeleg opp i forsøk på å halde stammen nede. Rype- og småviltjakt har vorte regulert grunna svake tal, noko som har vore tilfellet i store deler av Sør-Noreg dei siste åra. Dei viktigaste lokalitetane for jakt på hjort er i Guddal, Myrdal, Ænesdalen, Furebergsdalen, Kroka i Kvinnherad kommune. I Ullensvang er det jakt i i Vierdal og Buerdalen og i Etne kommune er det jakt i Sandvikedalen og Hjortedalen innanfor vernegrensa. Det har blitt løyve til motorisert uttransport av hjortevilt i Ænesdalen, Furebergsdalen og Sandvikedalen, elles har det vore manuell uttransport av felt vilt.

Friluftsliv

Områda rundt Folgefonna har i lang tid vore ein magnet for friluftsentusiastar som stort sett har nytta områda til fotturar og tradisjonell rekreasjon. Folgefonna og bygdene i Mauranger og Odda kan vise til 200 år lang tradisjon med naturbasert reiseliv, noko som er einestående i landet. Dei fleste gamle rutene vert framleis nytta, men i dag i samband med friluftsliv. Fotturistar nyttar heile Folgefonnhalvøya, og turlag og breførarlag arrangerer ski- og fotturar, brekurs og kurs i isklatring. Det ligg fire turlagshytter i området: Sauabrehytta, Fonnabu, Holma-skjer og Breidablikk. Hyttene er opne heile året, men vert i hovudsak nytta i tidsrommet april til oktober. Den Norske Turistforening (DNT) ved dei lokale turlaga har vore med å etablere og vedlikehalde turstiar og hytter i området, noko som gjorde fjellturar meir tilgjengelege for ålmenta.

T-merka stiar i Folgefonna nasjonalpark:

- Frå Blådalsvatnet til Inste Botnane (ikkje innanfor vernegrensa, men fram til breen som ligg i vernegrensa).
- Rosendal/Hattebergsdalen til Skeidsfjell
- Kletta-Melderskin
- Rosendal-Nordlifjell
- Sunndal-Fonnabu (del av den historiske vandreruta over Folgefonna)
- Reisete til Bottsvatnet (Buførevegen/pilgrimsvegen)
- Tokheim til Holmaskjer (del av den historiske vandreruta over Folgefonna)
- Buer-Buerbreen
- Buer-Reinanuten

I tillegg er det ei rekke umerkte stiar og stølsvegar som nyttast i ulik grad av friluftslivet.

Friluftslivet er ein av dei arenaene som har utvikla seg mest sidan vernet vart oppretta. Dei seinaste åra har ein sett ei stor auke i bruksformar som toppturar på ski, klatring, buldring, terrengsykling og overnatting i hengekøyer, og generelt eit meir moderne friluftsliv. Mange av desse aktivitetane er framleis skånsame for naturen, men enkelte aktivitetar kan skape utfordringar for forvaltninga då slitasjen på naturen kan gå utover verneverdiane.

Nasjonalparkstyret samarbeider med turlaga og kommunane om turstiar og informasjon.

Reiseliv

Reiseliv knytt til Folgefonna nasjonalpark er uløyseleg knytt til friluftslivet. Nasjonalparken og breen var eit ynda reisemål lenge før vernet, men med dei trendane som er i reiselivet i dag er nasjonalparken no eit større reisemål enn han har vore nokonsinne. Organisert turisttrafikk starta i 1833 med føring frå Sunndal via Gardshamar til Tokheim i Odda. Turistane gjekk til fots, og vart ein periode frakta med hest og slede over breen. Reiselivet rundt Folgefonna har med andre ord lange tradisjonar. I 2023 vart det registrert over 198 000 overnattingar frå utanlandske gjestar, mot nærare 242 000 overnattingar frå norske gjestar rundt Folgefonnhalvøya.

Det er turar på eigenhand som er den viktigaste aktiviteten inn i nasjonalparken. For kommersielle aktørar i verneområdet er det guida turar på breen som er viktig. Det blir guida turar for om lag 5000 menneske kvart år frå Nordfonna og Buerbreen og over breen mellom Fonnabu og Holmaskjer langs den historiske vandreruta over Folgefonna.

Forsking og undervisning

Verneområde kan vere nyttige referanseområde for forsking rundt endringar i natur tilstanden. Forsking som kan vere nyttig for å dokumentere naturtilstand og trugsmål og som kan gje auka kunnskap om verneområ- det, vert vurdert som positivt. Men aktiviteten må ikkje føre til tekniske inngrep som set varige spor i terrenget.

Undervising som formidlar kunnskap om natur- og kulturmiljøet og som gjev auka forståing for naturvern er velkomen i verneområdet. Men heller ikkje slik verksemd må føre til skade på naturmiljøet eller vere til ulempe for andre.

Kulturminne

Det ligg fleire stølar og det er spor etter tidlegare stølsdrift i nasjonalparken. Dei fleste fornminne på Folgefonnhalvøya ligg i låglandet, utanfor nasjonalparken, men undersøkingar kan tyde på at talet på fornminne i fjellet er høgare enn det som tidlegare er kjent. Kulturminnelova gjeld i nasjonalparken, som andre stader. Å ta vare på kulturminne er òg ein del av verneføremålet.

Liste over kulturminne frå kulturminnesøk:

Kva	
Stølsområde i Øvre Hildal	Stølsområde i Øvre Hildal med seks murar. Driftstid mellom 1791 og 1925 då ei snøskreda øydela sela. Nytta som sommarseter. Tuftene viser godt på flyfoto. Litteratur: Stølar og setrar i Kvinnherad. 2011. Uten vern
Varden på Melderskin	Melderskin er et viktig trigonometrisk punkt brukt i kartlegging og oppmåling av Norge siden 1855 eller 1856, dette punktet var viktig fordi man hadde sikt til 13 andre førsteordenspunkt. Melderskin er et førsteordenspunkt i det landsdekkende førsteordensnettet. Mesteparten av dagens varde er bygget i 1912. Fredningen omfatter en varde, to kobberbolter, hvorav en er sikringsbolt. I tillegg omfattes et borehull. Fredningen inkluderer hovedelementer som konstruksjon, form og materialbruk.Varden er firkantet og ble målt i 2008 til: alle sidekanter: 1,8 m og høyde: 2,2 m. Formålet med fredningen er å bevare Melderskin som et kulturminne representativt for den statlige oppmåling av Norge. Formålet er å sikre bevaring av elementer knyttet til vardens opprinnelige funksjon. Forskriftsfredet, Teknisk/Industrielt minne Lovgrunnlag: Kulturminneloven av 1978 Paragraf: 22a (Fredning av byggverk og anlegg i statens eie)
Myrdalsvatnet, Bosetning-aktivitetsområde.	Flaten måler ca. 100 m2. Muligens representerer lagene avsviing og rydding i forbindelse med beite. I det nederste kulturlaget ble det imidlertid ikke funnet kullbiter. Prøvestikket avdekket forhistorisk aktivitet, trolig fra tre ulike perioder. Dateringsprøve ble tatt fra det øverste

	kulturlaget. Trekull herfra ble datert til 420-540 e.Kr. (TUa-3910), altså til folkevandringstid. Funnene av kvartsitt- og bergkrystall i gruslaget under dette representerer en aktivitetsplass eller boplass som kan være fra yngre steinalder, bronsealder eller førromersk jernalder. Ingen av disse funnene kunne gi noen nærmere datering. Kulturlaget under dette må nødvendigvis være eldre eller omtrent like gammelt som dette, altså fra steinbrukende tid. Automatisk fredet Lovgrunnlag: Kulturminneloven av 1978 Paragraf: 4 (Automatisk fredning)
Heller ved Vatnastølsvatnet i Ænesdalen	Helleren er vestvendt, med et ca. 20 m langt overheng som på det meste gir 2 meter tørt område fra hellervegg og ut til dråpefallet. Det er mulig å stå oppreist under helleren. Den er noe sammenrast i sør. Etter å ha påvist en kullkonsentrasjon i grunnen, ved hjelp av stikkbor, ble det gravd ett prøvestikk ca. midt i helleren. Under et 12 cm tykt torvlag følger et 3-4 cm tykt kullag bestående av svart mold og grus. Under dette er det gulbrun grussand. Kullaget ble ikke funnet i andre deler av helleren. Trolig er kullaget rester av et ildsted. Det ble ikke funnet skjørbrent stein i kullaget. Massen fra prøvestikket ble såldet i vann. Dateringsprøve ble tatt fra kullaget med funnet av retusjeringsflisa (T-16203). Trekull herfra er datert til 375-185 f.Kr., dvs. til førromersk jernalder. Automatisk fredet Lovgrunnlag Kulturminneloven av 1978 Paragraf 4 (Automatisk fredning)
Raunsdalen	Det ble påvist tre tufter ved Løkene, ca. 120-130 m VSV for Raunsdalsvatnets, ved NV-foten av Botnafjell. Løkene består av en større flate nede i en gryte i landskapet. Grunnen her er preget av at smeltevann fra breen stadig har gravet nye bekkefar på veien ned mot Raunsdalsvatnet. Landskapet er nærmest vegetasjonsfritt med mye stein og grus.

	Tuftene ligger på en terrasse helt øst i Løkene, 2-3 meter over nevnte flate. Vernestatus Automatisk fredet Lovgrunnlag Kulturminneloven av 1978 Paragraf 4 (Automatisk fredning)
Øvstestølen ved Ormannshaug	Seterbygning i tre på tørrmurt grunnmur, torvtak Kommunalt listeført Samme som (kulturminner som kommunen har identifisert som verneverdige, og som kommunen gjennom politisk vedtak har bestemt at skal søkes ivaretatt)? Spør UK

Motorferdsel

Frå vernet vart oppretta fram til i dag har ein sett fleire endringar innan motorferdsel. Ei stor elektrifisering av køyretøy har starta, noko som også inkluderer elektrisk motor på meir kjende framkomstmiddel som syklar og båtar.

I Folgefonna er det motorferdsel med snøskuter blir nytta mest for å komme til stølane på austsida av nasjonalparken og til turisthytta Holmaskjer. I følgje Miljøvedtaksregisteret er det registrert 49 løyver til motorferdsel på snødekt mark i perioden 2014 til 2024 med totalt løyve til 554 turar.

Elles er det helikopter som er mest brukt, då mesteparten av terrenget er ueigna for motorferdsel på land. Frå 2014 til 2024 er det registrert 112 løyver til 812 turar med helikopter i nasjonalparken.

Dei fleste løyva er gitt til transport av proviant og material til vedlikehald av stølshus, hytter og buer og til landbruksføremål og dei fleste av desse er fleirårige og gjeld i fire år av gangen. Elles er det gitt løyve til transport til turisthytter, til kraftselskapa si overvaking av snøreservar på breen og andre overvakings- og forskningsprosjekt. Desse har fått løyve eitt år av gangen. To stader i nasjonalparken er det gitt løyve til utfyking av felt hjortevilt.

Hjelpekorps på Folgefonnhalvøya kan ha behov for å gjere seg kjende med aktuelle køyretrasear på breen, og desse kan endre seg frå år til år. Difor er det viktig at hjelpekorpsa kvart år får høve til å gjere seg kjende med forholda langs køyretraseane. I

samband med dette treng ein bruke snøscooter. Det er fastsett retningsliner for slike øvingar i brev frå Direktoratet for naturforvalting til Forvaltingsstyresmakta av 1.3.1999. Her er det bestemt at hjelpekorpsa skal utarbeide plan for øvingsverksemd som grunnlag for søknad, og planen skal godkjennast av politiet. Dispensasjonar til slike føremål kan verte gjevne for fleire år.

Frå publikum har det kome spørsmål om ein kan nytte el-syklar med avskrudd motor i verneområda. Miljødirektoratet har sendt ut eit brev avklaring på denne problemstillinga som seier, med utvalgde utdrag:

«Motorferdselbegrepet i motorferdselloven beskriver de faktiske egenskapene ved kjøretøyet og krever ikke at motoren benyttes. Kontroll med bruk av el-sykler (uten påslått motor) vil være tilnærmet umulig hvis disse skal sidestilles med vanlig sykkel. Slik sykling vil derfor kreve dispensasjon fra forvaltningsmyndigheten hvis det er et motorferdselsforbud i området.»

Med andre ord er det ikkje opna for å nytte elektrifiserte køyretøy utan særskilt løyve frå forvaltningsmynda.

Dronar har også vorte lettare tilgjengeleg for ålmenta, noko som har ført til nye problemstillingar for forvaltningsmynde landet rundt. Desse vert nytta av både turistar og lokalt næringsdrivande, og vert opplevd som både nyttig og plagsamt.

Dronebruk vert ikkje nemnt direkte i forskrift for vern av korkje Folgefonna nasjonalpark eller landskapsvernområda rundt, men i nasjonalparken vert dronebruk regulert under § 7.2, med forbod om støyande innrettingar som modellfly, modellbåt, isbor samt medrekna dronar.

Dei siste åra har det kome inn fleire søknadar frå næringsdrivande om å få nytte dronar til ettersøk av sau i nasjonalparken. I landskapsvernområda er det ingen hinder i forskrifta mot å nytte drone, men eventuelt bruk av drone i nasjonalparken er søknadspliktig og må handsamast etter § 48 i naturmangfaldslova som dispensasjon frå vernevedtaket.

Nasjonalparkstyret har vore positive til søknader om dronebruk knytt til næringsverksemd, og det kan også verte aktuelt i framtida med fleirårige løyver ved gjentakande behov.

I verneforskrifta for nasjonalparken er det likevel opna for at forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak for bruk av påhengsmotor med inntil 10 hk på Hildalsvatnet i Kvinnherad. Bakgrunnen for denne unntaksregelen har vore å harmonisere verneforskrifta med motorferdsellova, som opnar for at kommunen gjennom forskrift kan gje løyve til motorferdsel på vatn under 2 km2 når det ligg føre særlege grunnar. Dette må tolkast strengt også etter reglane i nasjonalparken, og vil i utgangspunktet verte nytta berre om

det ikkje er i strid med verneføremålet. I praksis kan dette vere transport i tilknyting til landbruksnæringa, noko som i alle høve går fram av punkt 6.3 b i vernereglane.

Når forvaltingsstyresmakta for verneområda gjev løyve etter verneforskrifta, kan det ikkje verte gjeve løyve som er meir lempelege enn det motorferdselslova tillèt. Forvaltingsstyresmakta bør i størst mogleg grad samordne seg med kommunane når det gjeld saker som gjeld både verneforskrifta og motorferdselslova. Ved motstrid vil verneforskrifta gjelde føre motorferdselslova.

Forvaltninga

Folgefonna nasjonalparkstyre er forvaltningsmyndigheit for Folgefonna nasjonalpark. Styret er oppnemnt av Miljødirektoratet, etter innstilling frå dei berørte kommunane og Vestland fylkesting. Ein nasjonalparkforvaltar er styret sin sekretær og står for dagleg drift av styret sine oppgåver. Styret består av 4 representantar, ein frå kvar kommune og ein frå fylkeskommunen. Handlingsrommet til nasjonalparkstyret følgjer av naturmangfaldlova og verneforskrifta for det aktuelle verneområdet, gjennom reglar om forbod, unntak frå forboda og dispensasjonsheimlar. Dei rettslege rammene og skjønnsrommet i verneområdeforvaltninga er det same uavhengig av kven som er forvaltningsmynde.

Nasjonalparkstyret har ansvar for informasjon og skjøtselstiltak, i tillegg til å handsame og avgjere alle søknader. Klage på vedtak skal gå via nasjonalparkstyret og sluttbehandlast av Miljødirektoratet. Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark lister først opp eit generelt forbod mot alle inngrep og tiltak som kan skade eller redusere verneverdiane i nasjonalparken. Deretter kjem generelle unntak frå forboda, og eigne reglar som opnar for at vi kan søkje om dispensasjon (spesifiserte dispensasjonsreglar). Reglane i ei forskrift må difor lesast i samanheng med resten av teksten i forskrifta. Gjennom kontakt mot grunneigarar, rettshavarar og andre brukarar, og ved søknad om dispensasjon, må nasjonalparkstyret ofte ta stilling til rekkevidda av enkeltreglar i forskrifta.

Miljødirektoratet er øvste fagmyndigheit for naturvernområde i Noreg og har hovudansvar for forvaltning av område verna etter naturmangfaldlova. Miljødirektoratet avgjer kven som er forvaltningsmyndigheit for verneområda og er klageinstans for vedtak som blir fatta av forvaltninga. Miljødirektoratet rettleier også forvaltningsmyndigheita i korleis verneforskrifter skal praktiserast og legg rammer for forvaltning av våre verneområde.

Klima- og miljødepartementet er øvste myndigheit for miljøforvaltning i Noreg. Departementet har ansvaret for at miljøpolitikken som Stortinget har vedteke blir

gjennomført. Departementet er også overordna myndigheit for forvaltning av område verna etter naturvernlova, naturmangfaldlova og viltlova.

Kommunane som Folgefonna nasjonalpark er del av er myndigheit på dei fleste andre lovverka som kan få betydning i nasjonalparken, som plan- og bygningslova og motorferdselslova. Noregs vassdrags- og energidirektorat har overordna ansvar for forvaltning av varig verna vassdrag som renn gjennom nasjonalparken.

Statens naturoppsyn er forvaltninga sitt feltapparat. Statens naturoppsyn har ansvar for tilsyn i nasjonalparken og melder eller informerer dersom dei kjem over lovbrot. Forvaltningsmyndigheta har ifølge vedtektene eit sjølvstendig ansvar for å reagere på lovbrot.

Naturmangfaldlova

Føremålet med naturmangfaldlova er at naturen sitt mangfald i biologi, landskap, geologi og økologiske prosessar blir teke vare på ved berekraftig bruk og vern, slik at naturen også gir grunnlag for menneska si verksemd, kultur, helse og trivsel, no og i framtida. Bestemminga byggjer på at naturen er ein grunnleggjande føresetnad for menneska sine liv, helse, næringsverksemd, kultur og trivsel. Lovas føremål er i samsvar med viktige internasjonale forpliktingar om å ivareta naturverdiar, blant anna konvensjonen om biologisk mangfald og andre internasjonale avtalar.

Kapittel II i naturmangfaldlova gir allmenne føringar om berekraftig bruk, blant anna forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar. I tillegg skal fem prinsipp (§§ 8 til 12) leggast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde jf. naturmangfaldlova § 7, og bruken av prinsippa skal vere synleg i grunngjevingar for offentlege avgjerder som rører naturmangfald. Dette gjeld til dømes handsaming av dispensasjonssøknader og vedtak av forvaltningsplan.

Dei fem prinsippa gjeld høvesvis kunnskapsgrunnlaget (§ 8), føre-var-prinsippet (§ 9), økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10), at tiltakshavar må dekkje kostnadene ved miljøforringing (§ 11) og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12).

Etter naturmangfaldlova § 8 skal offentlege avgjerder som rører naturmangfaldet så langt det er rimeleg, byggje på vitskapleg kunnskap om artars bestandsituasjon, naturtypars utbreiing og økologisk tilstand, samt effekten av påverkingar. Vidare skal kunnskap som er basert på generasjonars erfaringar gjennom bruk av og samspel med naturen vektleggast.

Forvaltningsplanen gir nærare retningsliner for aktivitetar som kan tillatast i verneområda innanfor dei rammene som er sett av naturmangfaldlova og verneforskrifta. Samla belastning på verneområda er eit sentralt moment ved vurdering av søknader om dispensasjonar frå verneforskrifta. Utarbeiding av forvaltningsplan bidreg dermed til å

ivareta prinsippet i naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning.

Etter naturmangfaldlova § 11 skal kostnadene ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet berast av tiltakshavar. Verneforskrifta legg vesentlege avgrensingar på kva tiltak som kan gjerast i området. I dispensasjonar vil det normalt setjast vilkår for å hindre eller avgrense skade på naturmangfald, og tiltakshavar vil måtte dekke eventuelle kostnader knytt til det å oppfylle vilkåra.

Prinsippet i naturmangfaldlova § 12 om miljøforsvarlege driftsmetodar, teknikk og lokalisering er blant anna relevant i samband med handsaming av søknader om dispensasjonar, både når det gjeld spørsmålet om dispensasjon bør gis og kva vilkår som bør setjast for å sikre verneverdiane. Prinsippet om beste tilgjengelege teknikkar og driftsmetodar vurderast som aktuelt blant anna i samband med skjøtselstiltak. Prinsippet om beste lokalisering vurderast som relevant i samband med blant anna behandling av søknader om dispensasjonar, både når det gjeld spørsmålet om dispensasjon bør gis og eventuelt kva vilkår som bør setjast.

Den generelle dispensasjonsbestemminga i naturmangfaldlova § 48 gjeld i staden for den generelle dispensasjonsbestemminga i verneforskrifta § 11, jf. overgangsbestemminga i naturmangfaldlova § 77. Naturmangfaldlova § 48 gir forvaltningsmyndigheita heimel til å gi dispensasjon frå verneforskrifta. For meir informasjon om § 48 sjå kapittel "Sentrale føringar".

Naturmangfaldlova § 47 gir generelle reglar om forvaltningsmyndigheitas tilgong til å utføre skjøtsel i verneområde. Sjå kapittel "Sentrale føringar" for meir informasjon.

Forskrifter gitt med heimel i naturvernlova og naturmangfaldlova gjeld ikkje for verksemd utanfor vernegrensene. I slike tilfelle gjeld naturmangfaldlova § 49 (utanforliggjande verksemd som kan medføre skade inn i eit verneområde). Det er viktig at grunneigarar, kommune og andre offentlege og private instansar tek omsyn slik at ikkje verneverdiane innanfor verneområdet blir forringa.

Sentrale føringar

Vernevedtaket fastsett rammer for naturinngrep og bruk og ressursutnytting i nasjonalparken. Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre interesser i området. Desse avvegingane er grunnlaget for reglane i den enkelte verneforskrifta. Nasjonalparkstyret har ikkje mynde til å fatte vedtak som går ut over reglane i verneforskrifta.

Grunneigarar beheld eigedomsretten i område som blir verna. Innhald og karakter for eigedomsretten blir endra ved at verneforskrifta set særskilte rammer for bruk og fysiske tiltak i området. Verneforskrifta endrar ikkje grunneigars rettar og plikter etter anna

regelverk utan at dette går fram særskilt av forskriftene. Vern av eit område endrar til dømes ikkje forvaltning av jaktrettar, eller rett til å nekte oppføring av tiltak på sin eigedom. Vern endrar heller ikkje grunneigar sitt ansvar for farlege innretningar på eigen eigedom.

Vern kan innebere forbod eller avgrensing i råderetten til grunneigar, rettshavarar og ålmenta, men gir ikkje vernemyndigheita eller det offentlege nokon særskilt råderett ut over det som følgjer av tilgongen til å kunne gjennomføre skjøtsel. Forvaltningsmyndigheita har heller ikkje rett til å påleggje grunneigar eller andre privatpersonar å utføre skjøtsel.

I tillegg til dispensasjon etter dei spesifikke dispensasjonsbestemmingane i verneforskrifta, kan forvaltningsmyndigheita gi dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48. Ein slik dispensasjon kan gis om tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig, om tryggleiksmessige omsyn gjer det naudsynt eller om vesentlege samfunnsmessige omsyn gjer det naudsynt. Reglane i § 48 skal fungere som ein tryggleiksventil for tiltak som vi ikkje kunne sjå føre oss på vernetidspunktet eller spesielle tilfelle som ikkje blei vurdert på vernetidspunktet. I praksis vil det som oftast vere det første alternativet som blir vurdert. Dette er i utgangspunktet meint for bagatellmessige inngrep eller forbigåande forstyrringar. Dispensasjonbestemmingane i § 48 er ein "kan-regel". Det betyr at sjølv om vilkåra for dispensasjon er oppfylte så er det ingen som kan krevje å få dispensasjon.


Forvaltingas fullmakt til skjøtselsarbeid i naturmangfaldlova § 47, gir generelle reglar om å utføre skjøtsel i verneområde. Regelen gir forvaltinga tilgang til å utøve ei viss fysisk råderett utan grunneigar sitt samtykke. Han gir forvaltinga moglegheit til å gjennomføre tiltak i skjøtselsøyemed som elles er forbode eller regulert av verneforskrifta. Unntaket gjeld berre for skjøtsel som forvaltningsmyndigheita står for. Skjøtselstiltak som kan føregå etter § 47 er tiltak for å oppretthalde eller oppnå naturtilstanden som var føremålet med vernet. I dette inngår også tiltak for å kanalisere ferdsel, fjerne vegetasjon eller framande treslag og restaurering etter naturinngrep. Skjøtsel som inneber hausting av naturlege ressursar eller ei vesentleg endring av naturtilstanden på vernetidspunktet kan ikkje skje med heimel i § 47. Tilgangen til å gjennomføre skjøtselstiltak gir også rett til naudsynt motorferdsel i heile verneområdet utan grunneigars samtykke. Ved behov for å passere eigedom utanfor verneområdet gir naturmangfaldlova § 72 rett til dette. Eigaren og eventuelle andre rettshavarar skal, viss mogleg, varslast om skjøtsel på førehand. Eventuelle økonomiske fordelar ved gjennomføring av skjøtselstiltak tilfell grunneigar/rettshavar. Tiltak som ikkje kan utførast med heimel i naturmangfaldlova § 47 krev avtale med grunneigar. Avgjerder etter naturmangfaldlova § 47 er ikkje enkeltvedtak og kan ikkje påklagast.

Forvaltningsmyndigheten, eller den forvaltningsmyndigheten bestemmer kan iverksette tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- og kulturtilstand som er formålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47

Med begrepet skjøtsel menes aktive tiltak, vanlegvis på økologisk grunnlag, som gjennomførast for å oppretthalde og/eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er formålet med vernet. Skjøtselstiltak kan for eksempel være restaurering, rydding, tynning, styving, hogst, beiting, slått og brenning. Kanaliseringstiltak som merking, skilting, restaurering og forsterkning av sti er også å betrakte som skjøtsel når tiltaka er nødvendig for å oppretthalde og/eller ivareta ønsket naturtilstand.

Planlegging og gjennomføring av skjøtselstiltak må skje i samsvar med forvaltningsplanen og i nært samarbeid mellom forvaltningsmyndighet, grunneigarar, rettighetshavere og brukarar. Berører skjøtselstiltak privat eigendom eller rettigheiter i verneområdet, skal eieren eller rettighetshaveren så vidt det er mogleg varslast på forhånd jf. nml § 47. Arbeid med skjøtselstiltak koordinerast med Statens naturoppsyn.

Kart over alle kartfesta løyver i Folgefonna nasjonalpark viser at aktiviteten er spreidt rundt nasjonalparken, både i dalføre og på høgfjellet.


Omastranda
Hissfjorden
Torsnes
Kysnes-
stranda
Gråhei-
varden
Jondalstunnelen
Grønhaug
Tveit ytre
Varaldsøy
Varaldsøy
Fjellgardane
Varaldsøy
Gjuvslandslia
Sildafjorden
Gjetings-
dalen
Maurangsfjorden
Sunndal
Gjerde
Ænes
Tyssedal
Bondhusdalen
Breiddalsbekk
Ænesdalen
Lyng-
stranda
Årsnes
Eitrheim
Odda
KVINNHERAD
Folgefonna nasjonalpark
Folgefonna
Buer
FOLGEFONNA
Eide
Melderakin
Hattebergsdalen
Skeids-
fjellet
Sandvin
Hildal
Låtefossen
Vardafjell
Bjørnbær-
nuten
Svartenut
Skare
Langebudalen
Fjæra
Seljestad
Ingahogg

Forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark

§ 2.Formål

Formålet med nasjonalparken er å:

- ta vare på eit stort og tilnærma **urørt naturområde**, som sikrar heilskapen og variasjonen i naturen frå låglandet til høgareliggjande område med fjell og bre
- ta vare på verdfull **vassdragsnatur**
- sikre det **biologiske mangfaldet** med økosystem, artar og bestandar
- sikre viktige **geologiske** førekomstar
- sikre verdfulle **kulturminne**.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt **friluftsliv** utan særleg teknisk tilrettelegging.

Forvaltningsmål for nasjonalparken
1. Vil vil sikre og styrkje verneverdiane i eit langsiktig perspektiv.
2. Vi let skogen utvikle seg mot naturskog
3. Vi held kulturlandskapet ved like for å bevare artsmangfaldet og kulturhistoria.
4. Vi tek vare på og synleggjer utvalde kulturminne i verneområda
5. Vi legg til rette for gode og inkluderande naturopplevingar utan å forringe verneverdiane
6. Vi vil sikre at bruk og tilrettelegging ikkje skjemmer landskapet eller skaper konfliktar med friluftsliv og landbruksinteresser

(Strategi)

Samhandling og kunnskapsdeling
Nasjonalparkstyret skal samarbeide tett med kommunar, reiseliv, frivillige, grunneigarar og andre aktørar for å sikre heilskapleg forvalting. Dette inkluderer deling av kunnskap, felles besøksstrategiar og oppfølging av verneføremål.

Berekraftig tilrettelegging og kanalisering
Tiltak skal rettast mot område med høgt besøkstrykk, og gjennom fysisk tilrettelegging som stiar, bruer og klopping skal ferdsel kanaliserast for å verne natur og kulturminne. Tiltaka skal vere estetisk gode og med minst mogleg inngrep. Vi arbeider med indirekte verkemiddel for å få ned slitasje som følgje av besøk

Informasjon og formidling
God og målretta informasjon skal bidra til forståing for verneverdiane, førebyggje konfliktar og fremje god åtferd. Informasjonen skal vere positiv, tilpassa ulike målgrupper og i tråd med nasjonal merkevarestrategi. Vi bruker lokale historier og kulturminne aktivt i kommunikasjonen.

Aktiv bruk og lokal verdiskaping
Verneområda skal leggje til rette for friluftsliv, beiting, tradisjonell bruk og lokal verdiskaping. Reiselivet skal utviklast i tråd med verneføremåla, og det skal leggjast til rette for samarbeid med lokale aktørar.

Kunnskapsbasert og framtidsretta forvalting
Forvaltinga skal vere basert på oppdatert kunnskap, og det skal leggjast til rette for forsking og undervisning. Klimaendringar og andre truslar krev ei dynamisk og føre var-tilnærming for å sikre verneverdiane over tid.

Tiltak

Verne-område	Pri. (1-3)	Tiltak	Forankring	Mogleg i samarbeid med	Gjennom-føring
Alle	1	Halde oversikt over tilstand og status for artar og naturtypar som er heimehøyrande i verneområda	Forvaltningsplan		Løpande
Alle	1	Følgje tiltaksplan for restaurering og overvaking på sårbare kvartærgeologiske lokalitetar (sjå konkrete tiltak)	Kvartærgeologiske verneverdier i Folgefonna nasjonalpark - vurdering av sårbarhet og slitasje, Hardeng 2025	Besøkssenter	Løpande
Alle	1	Lage og iverksetje skjøtselsplanar i samarbeid med grunneigarar for å bevare skjøtselskrevjande naturtypar, etter kartlegging og prioritering	Forvaltningsplan	Grunneigar, kommunar	Innan 2030
Alle	1	Kartlegge tilstand og behov for skjøtsel i skjøtselskrevjande naturtypar	Forvaltningsplan	Grunneigar, kommunar	Innan 2030

		og lage ein prioritering for oppfølgjing			
Alle	2	Kartlegge kulturminne og lage ein plan for formidling av utvalde kulturminne i verneområdet	Forvaltningsplan	Grunneigar, kommunar	Innan 2028
Alle	2	Utarbeide nærare retningsliner for kva som kan reknast som tradisjonell byggjeskikk i området (har vi fullført dette i retningslinene for bygg?)	Forvaltningsplan	Kulturminnemyndigheit	Innan 2028
Alle	1	Utarbeide ein plan for kanalisering, avbøting av slitasje, merking og opparbeiding av stigar, bruer og ferdselsvegar, inkludert område som ikkje bør merkjast.	Besøksstrategi	Besøkssenter	Innan 2028
Alle	2	Måle ferdselstrykk, slitasje og gjere sårbarhetsvurderingar, etter plan	Besøksstrategi	Besøkssenter	Løpande
Alle	3	Gjennomføre ny brukarundersøking innan 10 år for å kartlegge besøkande si oppleving av landskapet	Besøksstrategi	Besøkssenter	Innan 2028

Alle	1	Kartlegge behov for kanalisering og revegetering der besøk har ført til slitasje på vegetasjonen	Besøksstrategi	Besøkssenter	Løpande
Alle	1	Tilrettelegge dei mest besøkte innfallsportane etter prioritering; Bondhus, Buer, Rosendal, Sommarskisenteret (?), Langfoss	Besøksstrategi	Besøkssenter, kommunar, grunneigarar	Innan 2030
Alle	2	Oppdatere alle informasjonsskilt, etter skiltplan	Besøksstrategi	Besøkssenter	Innan 2030
Alle	3	Ha årlege møte og samlingar/vertskapskurs for reiselivet tilknytta Folgefonna med tema som; samhandling, felles utfordringar, moglege konfliktpunkt, besøkande si kundereise og oppleving av reisa	Besøksstrategi	Besøkssenter	Løpande
Alle	3	Rullere besøksstrategi og kommunikasjonsplan ved behov	Forvaltningsplan	Besøkssenter	Løpande
Alle	3	Opprette ressursgruppe under merkevaren Norges	Besøksstrategi	Besøkssenter	2026

		nasjonalparker med representantar frå Folgefonna nasjonalparkstyre, Besøkssenter nasjonalpark Folgefonna, Ullensvang nasjonalparkkommune og Jondal nasjonalparklandsby for å samordne informasjon og tiltak under merkevara			
Alle	3	Nasjonalparkstyret skal bidra med kunnskap om verneområda og rettleie reiselivsbedrifter ved utvikling av nye reiselivsprodukt knytt til Folgefonna	Besøksstrategi	Besøkssenter	Løpande
Alle	2	Lage opplegg for nærturar med informasjonsmateriell retta mot born og unge i samarbeid med besøkssenter nasjonalpark Folgefonna,	Besøksstrategi	Besøkssenter	2027
Alle	3	Halde oversikt over omfang og type organisert verksemd og prøve å styre aktivitetane gjennom rettleiing og medverknad. Forvaltingsstyremakta skal halde kontroll med større	Besøksstrategi	Besøkssenter	Løpande

		arrangement og organiserte turar som eit førebyggjande tiltak mot slitasje og skade.			
Folgefonna	1	Fjerne framande treslag og hindre spreiing av framande artar, etter prioritering	Forvaltningsplan	Grunneigar, kommunar	Innan 2035

Retningsliner

Skal forklare og rettleie i verneforskrifta for brukarane og forvaltar. Retningslinene følgjer verneforskrifta si rekkefølgje punkt for punkt.

Forskriftsreferanse:
§3 *Vernereglar*
1. Landskapet
1.1 Vern mot inngrep i landskapet
Området er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetting og ombygging av bygningar, andre varige eller mellombelse innretningar, gjerde og anlegg, bygging av vegar, bergverksdrift, regulering av vassdrag, graving, utfylling og påfylling av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, bakkeplanering, nyplanting, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, merking av stiar og løyper o.l. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømande.

Retningsline:

Området er verna mot alle inngrep, og det er lista ei rekke døme på inngrep i verneforskrifta, men forbodet gjeld også andre inngrep enn dei som er nemnt. For å ta vare på det urørte preget i nasjonalparken er det avgjerande at vi unngår nye tekniske inngrep. Forvaltningsstyresmakta ser til at forbodet vert respektert, og har ein restriktiv dispensasjonspraksis.

Forskriftsreferanse:
§3 pkt. 1.2
1.2 Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:
a) Vedlikehald av bygningar og andre eksisterande innretningar. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utbygging. Vedlikehald skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk.

Retningsline:

Med vedlikehald meiner vi rutinemessig arbeid for å hindre forfall på grunn av jamn og normal slitasje

For vedlikehald kan du gjere dette utan å søkje:

- Arbeid for å hindre forfall på eksisterande bygg
- Skifte kledning, male fasade i same farge
- Taktekking med same materiale
- Vedlikehald av vindauge og dørar, byting av ruter
- Med innretningar meiner vi her t.d.: saltsteinautomatar, antenner til radiobjøller.
- Bytte ut delar av konstruksjon av installasjon om det ikkje endrar utsjånad eller omfang

Forskriftsreferanse:
§3 pkt. 1.2 *b)*
1. Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg. Bruk av motorisert transport krev særskilt løyve etter punkt 6.3.i).
2. Nødvendig istandsetting ved akutt utfall. Ved bruk av motorisert transport skal det i ettertid sendast melding til forvaltningsstyresmakta.
3. Oppgradering/fornying av kraftanlegg og kraftliner for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnitt når dette ikkje fører til vesentlige fysiske endringar i forhold til verneformålet.

Retningsline:

Eksisterande energi- og kraftanlegg i Folgefonna nasjonalpark:

- Målestasjon for NVE ved Fynderdalsvatnet og telefonlink
- 22kV-line gjennom Sandvikedalen med transformator
- Inntak under Bondhusbrea

1. Drift og vedlikehald omfattar:

- Tilsyn med linjer og transformatorstasjonar
- Bytte av line, transformator, master, o.l. ved behov
- Rydding av kraftgater ved behov
- Rydding av inntakskanalar, dam og liknande

Selskap sender inn søknad om motorisert ferdsel etter retningslinene for motorferdsel. Om det er aktuelt med tilsyn med drone skal det også søkjast om. Nasjonalparkstyret kan gi fleirårig løyve der det er naudsynt, inntil fire år av gangen. Drift og vedlikehald omfattar ikkje nye tiltak/oppgradering, som er søknadspliktig.

2. Akutt utfall. Akutt utfall inneber at straumforsyninga er stoppa eller vil stoppe. I desse tilfella er det ikkje naudsynt å søkje om motorferdsel, men de skal sende inn rapport til nasjonalparkstyret om at det er brukt motorferdsel. Dette skal gjerast for å halde oversikten over den totale motorferdsla i nasjonalparken. Rapport kan sendast til folgefonna@statsforvalteren.no.

Forskriftsreferanse:
§3 pkt. 1.2
c) Vedlikehald av eksisterande stiar og løyper med bruer, klopper, vardar, merking og skilt i samsvar med forvaltningsplanen etter § 5, kan skje utan løyve.

Retningsline:

- Vedlikehald av stier og løyper:
- Tiltak eller arbeid for å halde stien ved like eller oppretthalde same standard som på vernetidspunktet.
- Tiltak på eksisterande stiar som inneber utskifting av materiale eller påfylling av nye massar, vert definert som vedlikehald når det er naudsynt for å hindre forfall, slitasje og erosjon
- Rydde vegetasjon for å betre framkome. Tre som dett over stien blir lagt til side eller delast.
- Skifte av dekke, utviding og endring av trase går ut over normalt vedlikehald og må søkjast om.

Vedlikehald av bruer, klopper, merking og skilt

- Vardar byggjast av lokal naturstein frå staden.
- Merking av fotruter skal følgje www.merkehandboka.no
- Ved merking av stigar og vegar skal måling brukast med varsemd.
- Vi brukar ikkje raudmåling på kulturminne, som gamle steingjerde, steinbuer, vardar mm.
- Vis omsyn til flora og fauna når du merkjer stigar. Bruer og klopper skal haldast ved like i samsvar med lokal, tradisjonell byggjeskikk.
- For å gjenreise bruer og klopper som er heilt borte krevst det løyve frå forvaltingsstyresmakta.

Vedlikehald av skilt

- Reparasjon av eksisterande skilt, og utskifting av turskilt og andre infoskilt
- Material, løysingar og teknikkar skal ikkje skilje seg frå det som tidlegare er nytta.

* Lager eit kart over eksisterande merkte stiar og løyper, skilt og bruer.

Forskriftsreferanse:
§3 pkt. 3 punkt 1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:
a. Ombygging og utviding av bygningar.
b. Ny oppføring av bygningar som går tapt ved brann eller anna naturskade.
c. Oppføring av bygningar og anlegg i samband med husdyrnæring, herunder oppattbygging av stølshus.
d. Oppføring av bygningar i samband med oppsyn med verneforskriftene og oppsyn i medhald av anna lov.
e. Bygging av bruer og klopper.
f. Merking og rydding av nye stiar og løyper.
g. Oppsetting av skilt og vegvisarar i samsvar med forvaltningsplanen etter § 5.
h. Oppsetting av gjerde i samband med beite eller tiltak for å hindre skorfeste.
i. Oppattbygging og restaurering av stølshus i Håedal i Ullensvang herad for å gjenskape gammalt stølsmiljø.
j. Oppgradering/fornying av energi- og kraftanlegg som ikkje fell inn under § 3 punkt 1.2.b).

Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet.

Forskriftsreferanse:
§ 3 pkt. 1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:
Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet

Retningsline:

Det skal vere ei restriktiv praksis for å gi løyve til nye bygg.

Vernereglane gir ei klar avgrensing og opnar for oppføring av nye bygg i samband med husdyrnæring, oppsyn eller om bygg går tapt ved brann eller annan naturskade.I Folgefonna nasjonalpark blir alle byggesaker vurderte etter reglane i Plan- og bygningslova (PBL) hjå kommunen og etter verneforskrifta. Fylkeskommunen får byggjesaker til fråsegn og kan gje råd og rettleiing om tradisjonell byggjeskikk og vedlikehald av kulturminne.

Råd og omsyn i alle byggesaker

Bygg skal ha ei nøktern utforming i tråd med lokale byggetradisjonar. Dette kan variere frå støl til støl, og utforming skal avklarast gjennom samarbeid mellom forvaltning, grunneigar og fylkeskommune. Likevel skal ein ha nokre generelle retningslinjer å forhalde seg til.

All bygging verneområda skal føre med seg minst mogleg motorisert transport både i byggjefasen og i drifts- og vedlikehaldsfasen.

Du skal halde deg til lokale byggetradisjonar og unngå material som blir avfallsproblem ved eventuell fornying og vedlikehald.

Generelle råd:

Ved byggjeverksemd skal det takast særlege omsyn til kulturlandskap, kulturmiljø og kulturminne, jf. Kulturminnelova.

Krav til bygg:

- Innvendig vegghøgde bør ikkje vere høgare enn 200cm.
- Takvinkel bør liggje mellom 22 og 28 grader. Takutstikk skal følgje den lokale byggetradisjonen i området.
- Alle bygg bør ha saltak i lengderetninga i høve til terrenget. Unntak kan vere steinbuer som ligg inn i bakken med gavl ut.
- Bygget skal ikkje vere framtredande eller ruvande i terrenget, unngå silhuettverknad.
- Ved bygging i skrånande terreng er det særleg viktig med terrengtilpassing for å unngå høge fasadar.
- Bygg bør ha ein enkel bygningskropp med gode proporsjonar.
- Grunnmur bør vere lågast mogleg og helst av naturstein. (Uttak av lokal stein er søknadspliktig). Dersom ramma vert sett på pelar skal mellomrom mellom pelar blendast/skjulast.
- Unngå store og mange vindauge. Ved oppdeling av vindauge bør dei ha gjennomgåande sprosser. Vurder bruk av lemmar for vindauge og dører når bygningen ikkje er i bruk.
- Det bør nyttast virke av god kvalitet til utvendig kledning. Unngå bruk av “villmarkspanel". Kledning av god kvalitet kan gjerne stå ubehandla.
- Det skal søkjast om løyve til uttak av lokal stein og torv til byggjematerial.
- Samla øvre arealgrense etter tilbygg/ombygging er ~45 m2 inkl. uthus (areal utrekna frå ytterkant av reisverk).
- Uthus skal helst byggast som tilbygg på eksisterande bygg i same stil.

- Grunnlag for uthus kan vere lagring av ved, bensin, propan, anna utstyr og sanitære tilhøve.
- Maksimal storleik på uthus er sett til ~10 m2
- Det vil bli sett som vilkår i byggeløyvet at tiltakshaver må dokumentere ferdigstilling av tiltaket ved å legge fram minst tre bilete frå ulike vinklar av det utførte arbeidet.
- Det blir sett ein frist på 3 år for gjennomføring av tiltak

Søknad om byggjetiltak bør innehalde:

- Foto av byggetomt og plassering i høve til andre bygg og terreng frå fleire vinklar
- Kartutsnitt som skildrar kvar tomta/bygget ligg, samt oversiktskart og detaljkart.
- Fagmessig utførte byggteikningar som skildrar snitt, fasadar og plan
- Byggets tilpassing til terrenget eventuell eksisterande bygningsmasse, med terrengsnitt (naudsynt graving, murhøgde/pelar).
- Utfyllande opplysningar om grunnlaget for søknad om nybygg og større tilbygg:
- Ressursgrunnlag, areal, beitedyr, utmarksressursar som vert hausta frå omsøkt bygg.
- Eigartilhøve skal vere avklart når du sender byggesøknad. Forvaltningsstyresmakta kan krevje at dette skal dokumenterast før endeleg vedtak.

Forskriftreferanse:
§3 pkt. 1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:
a) Ombygging og utviding av bygningar.

Retningsline:

Ombygging: Søknadspliktige tiltak innanfor totalarealet til eit bygg. Fasadeendring, nye dørar og vindauge m.m.

Utviding: Alle tiltak som aukar arealet til eit bygg

Mindre tiltak som brygger, plattingar, badstue, solcellepanel og liknande er søknadspliktige etter vernereglane.

Forskriftreferanse:
§3 pkt. 1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:
b) Ny oppføring av bygningar som går tapt ved brann eller anna naturskade.

Retningsline:

Normalt vert det gjeve løyve til oppattbygging av bygningar som er gått tapt i brann eller ved annan naturskade. Dersom bygningen hadde ei uheldig plassering med tanke på verneverdiane bør bygningen byggjast opp at på meir eigna stad på eigedomen

Forskriftreferanse:
§3 pkt. 1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:
c) Oppføring av bygningar og anlegg i samband med husdyrnæring, herunder oppattbygging av stølshus.

Retningsline:

Det er opna for å gi løyve til bygg og anlegg i samband med husdyrnæring, og dei følgjer dei generelle retningslinene. Ved oppattbygging av stølshus er det viktig å hente inn kunnskap om tradisjonell byggeskikk. Søkjar skal også leggje ved landbruksfagleg dokumentasjon på at tiltaket er naudsynt for drifta.

Forskriftreferanse:
§3 pkt. 1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:
d) Oppføring av bygningar i samband med oppsyn med verneforskriftene og oppsyn i medhald av anna lov.

Retningsline:

Det er ikkje kjent at denne opninga vil komme til bruk i Folgefonna nasjonalpark.

Forskriftreferanse:
§3 pkt. 1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:
e. Bygging av bruer og klopper.
f. Merking og rydding av nye stiar og løyper.
g. Oppsetting av skilt og vegvisarar i samsvar med forvaltningsplanen etter § 5.

Retningsline:

I besøksstrategien frå 2025 har styret eit oppfølgjingstiltak: «Utarbeide ein plan for merking og opparbeiding av vegar, stigar, bruer og ferdselsvegar. Planen skal òg omtale område som ikkje bør merkjast».

Dette viser kor nasjonalparkstyret vil prioritere fysisk tilrettelegging og sikringstiltak langs sti.

Styret har ein restriktiv praksis for å gje løyve til å merkje umerkte stiar eller nye ruter. Dette gjeld også eldre kjende ruter utan merking

Dei mest villmarksprega og urørte områda skal vere utan tilrettelegging.

Naudsynt merking av stigar og tryggleik kan vurderast innanfor vernegrensa.

Anna skilting og merking skal skje utanfor vernegrensa, ved mykje nytta innfallsportar eller i tilknyting til eksisterande bygg eller anlegg, t.d. turisthytter.

Ved godkjenning av søknadar om løyper og turruter kan det knytast vilkår til merking, skilting, ansvar for vedlikehald og eventuelle tiltak for å avbøte på terrengslitasje og annan skade.

Merking og vedlikehald av sti skal følgje retningslinene i merkehandboka.no.

* Vise denne planen i eit kart.

Forskriftreferanse:
§3 pkt. 1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:
h. Oppsetting av gjerde i samband med beite eller tiltak for å hindre skorfeste.

Retningsline:

Søknad om å setje opp gjerde skal vise gjerdetype og kvar det skal setjast opp.

Forskriftreferanse:
§3 pkt. 1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:
i. Oppattbygging og restaurering av stølshus i Håedal i Ullensvang herad for å gjenskape gammalt stølsmiljø.

Retningsline:

Stølen Håedal ligg no i Ullensvang kommune, nord i nasjonalparken. Eitt av stølshusa her vart bygd opp att etter løyve i 2012. Det er fleire gamle tufter her. For oppattbygging av stølar i Håedal gjeld elles same reglar som for andre nybygg i tråd med tradisjonell byggeskikk.

Forskriftreferanse:
§3 pkt. 1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:
j. Oppgradering/fornying av energi- og kraftanlegg som ikkje fell inn under § 3 punkt

1.2.b).

Retningsline:

Forvaltar skal liste opp kva anlegg det gjeld (usikker på omfang no)

Generelle krav til bygg og byggjesøknad vil gjelde her også

Manglar konkrete retningsliner for dette punktet no.

Forskriftreferanse:
§ 3 punkt 2. Plantelivet
2.1 Vern av vegetasjon
Vegetasjonen, også daude tre og buskar, skal vernast mot all slags skade og øydelegging som ikkje kjem av vanleg ferdsel og tradisjonell beiting i utmark.

2.2 Reglane i punkt 2.1 er ikkje til hinder for:
a. Bruk av området til beite.
b. Skånsam bruk av trevirke til bålbrenning.
c. Plukking av bær og matsopp.
d. Plukking av vanlege plantar og friske kvistar til eigen bruk.

Retningsliner:

Beite er tillate. Det er ønskeleg å oppretthalde beite rundt alle stølsvollane i nasjonalparken og elles i skjøtselskrevjande naturtyper som er avhengige av beite.

I Folgefonna nasjonalpark er det tillate å hente ved i mindre skala til bålbrenning, om det vert gjort på ein skånsam måte. I følgje Miljødirektoratet siktar skånsamt her til eit avgrensa uttak (små mengder) som gjer minst mogleg skade. Det kan bety å bruke nedfalle trevirke (ikkje daude tre), å ta kvister/greinar til eit bål, men ikkje hogst av tre.

Det er også tillate å plukke vanlege plantar og friske kvistar til eige bruk.

I utgangspunktet er all vegetasjon freda mot skade og øydelegging, så det er ikkje adgang til å plukke plantar som er sjeldne, trua, sårbare eller som det på anna måte knyter seg spesielle botaniske eller økologiske interesser til. Større uttak eller innsamling av plantemateriale til fôr eller for tillaging av dekorasjonar i større skala er heller ikkje tillate.

Etter nml § 15. er hausting og anna uttak av viltlevande planter tillate så lenge det ikkje truer overlevinga av bestanden. Uttak av artar kan også vere avgrensa ved lov eller vedtak med heimel i lov.

Tips og råd:

- Daude tre er viktige for naturmangfaldet og skal få stå i fred.
- Gå eit stykke unna bålplassen for å hente ved eller kvist, så ikkje alle trea rundt bålplassen vert hogde ned eller amputerte.
- Kapp ein pølsepinne av eit friskt tre med masse greiner.
- Unngå sår i bork eller kvist.
- Du kan plukke vanlege artar av bær og matsopp, friske kvistar og plantar til eige bruk.

Forskriftreferanse:
§ 3 punkt 2. Plantelivet
2.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til hogst av ved i nasjonalparken til eigen bruk.
2.4 Miljødirektoratet kan ved forskrift regulere beite som kan skade eller øydeleggje naturmiljøet.

Retningsliner:

2.3 Det har vore hogge lite ved i dei aktuelle områda. Forvaltingsstyresmakta vil difor leggje opp til ein lite restriktiv praksis og opne for fleirårige løyve.

Hogst for å dekkje behovet for ved til stølshus og hytter inne i nasjonalparken får løyve

All fjerning av trevirke må skje mest mogleg sporlaust og med omsyn til naturen.

Rundt stølsvollar er det viktig å prioritere hogst for å dempe effektane av attgroing-
Store tre, varmekjære tresortar og furu bør få stå i fred

Unngå daude tre, ståande eller liggande.

2.4 Punktet er ikkje aktuelt sidan dette er i strid med naturmangfaldlova § 34. Regulering av beite må i tilfelle skje ved forskriftsendring av Kongen i Statsråd. Det er i dag ikke behov for en slik regulering.

Forskriftreferanse:
§ 3 punkt 3. Dyrelivet

3.1 Vern av dyrelivet

Dyrelivet, inkludert hi, reir, hekke-, yngle- og gyteplassar er freda mot skade og unødig uroing. Utsetjing av dyr på land og i vatn er forbode. Kalking i vassdrag er ikkje lov utan særskilt løyve.

3.2 Reglane i punkt 3.1 er ikkje til hinder for:

a. Jakt etter viltlova.

b. Fiske etter lakse- og innlandsfisklova.

3.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

a. Kalking av vatn og elvar for å hindre at ein art døyr ut. Forvaltningsplanen, jf. § 5, kan fastsetje referanseområde der kalking er forbode.

b. Tiltak for å fremje fiske, når slike tiltak elles ikkje strir mot formålet med vernet.

Retningsliner:

Det har ikkje vore kalka i Folgefonna nasjonalpark. Det er lite truleg at det vil bli aktuelt i overskodeleg framtid. Om det vert aktuelt å starte kalking av vassdrag i nasjonalparken, vil nasjonalparkstyret opprette referanseområde der kalking er forbode og krevje overvaking av status både i dei kalka områda og referanseområda for å finne effekt av tiltaka.

Tiltak for å fremje fiske. Fiskerettane er det grunneigarane som forvaltar etter gjeldande lovverk. Nasjonalparkstyret kan gi løyve til tiltak for å fremje fiske, som:

Kultiveringstiltak basert på fagleg utgreiing.

Det er ikkje aktuelt å bruke artar som ikkje er naturleg heimehøyrande i verneområdet

Forskriftsreferanse:

§3 pkt. 4. Kulturminne

4.1 Kulturminne skal sikrast mot skade og øydelegging. Lause kulturminne skal ikkje flyttast eller fjernast.

4.2 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.

Retningsline:

Kulturminne: alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, også lokalitetar det knytter seg historiske hendingar, tro eller tradisjon til.

Kulturmiljø: område der eitt eller flere kulturminne inngår som ein større helheit eller samanheng.

Istandsetjing: reparasjonsarbeid for å bringe ein bygning, del av ein bygning eller eit annet objekt opp på eit ordinært vedlikehaldsnivå, slik at berre løpande vedlikehald vil vere naudsynt seinare

Vedlikehald: rutinemessig arbeid for å hindre forfall på grunn av jamn og normal slitasje

Skjøtsel: regelmessige vedlikehaldstiltak, til dømes vegetasjonspleie, for å ta vare på eit kulturminne og/eller eit kulturmiljø.

Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging som ikkje skuldast naturleg forfall. Planar om restaurering av kulturminne vil bli vurdert i kvart enkelt tilfelle. Eventuelle tiltak knytt til kulturminne skal alltid avklarast med kulturminnemyndighetene og grunneigarane. Rekonstruksjon av eit kulturminne krev at det ligg føre dokumentasjon på korleis den opphavelege bygningen såg ut.

Ved handsaming av søknad om løyve til istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne, skal forvaltningsstyresmakta vurdere:

- konsekvensane for naturverdiane på kort og lang sikt,
- presedens for liknande saker.
- estetikk og landskapsbilete,
- klare og tydelege retningsliner for korleis arbeidet skal utførast.

Søknad skal innehalde

- Kart og bilete som viser plassering og utforming av kulturminnet
- Plan for å gjennomføre arbeidet
- Utgraving av kulturminne er ikkje vurdert i verneforskrifta og må søkast om etter nml § 48.

Forskriftreferanse:
§3 pkt. 5. Ferdsel
5.1 Generelt om ferdsel
All ferdsel og aktivitet skal vere omsynsfull og varsam slik at ein ikkje skadar natur eller kulturminne.

5.2 Organisert ferdsel
Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande. Annan organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Utover dette vises det til forvaltningsplanen i § 5.

Retningsliner:

All ferdsel og aktivitet skal vere omsynsfull og varsam slik at ein ikkje skadar natur eller kulturminne. Friluftslivet skal byggje på enkle friluftslivstradisjonar, med vekt på det naturvenlege friluftslivet. Organisert ferdsel og andre ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha løyve frå forvaltingsstyresmakta

Med organisert ferdsel meiner vi ferdsel som er planlagt, koordinert og leia av ein arrangør.

Retningsliner til søknadshandsaming og aktuelle vilkår for løyve til organisert ferdsel:

- Ferdsel som kan skade natur eller kulturminne bør ikkje få løyve, med skade meiner vi varige spor på terreng eller kulturminne
- Stort fotavtrykk eller skadeverknader på verneverdiane
- Faste arrangement kan få fleirårige løyve, men med klare vilkår.
- Reine reiselivstiltak som medfører fysiske inngrep, skal leggjast utanfor nasjonalparken.
- System for å handtere toalettavfall slik at det ikkje blir liggande igjen i nasjonalparken. (toalett på turisthyttene kan nyttast)
- Toalettavfall skal takast med ut av nasjonalparken.
- Avfall blir teke med ut av nasjonalparken og levert i godkjent avfallscontainer/søppeldunk
- Der det er tilrettelagte stiar, steinlagt, gruslagt, klopplagt, eller på annan måte merka eller skilta, bør stien til ein kvar tid følgast.
- Bålbrenning på godkjente bålplasser.

Forskriftsreferanse:

§3 pkt. 5.3 Sykling og bruk av hest

Sykling og organisert bruk av hest er berre tillate langs trasear som er godkjende for slik bruk.

Retningsline:

Vi opnar for bruk av sykkel på stiane i Folgefonna nasjonalpark og landskapsvernområda. Det er generelt ikkje forbod mot bruk av hest, men organisert bruk av hest er berre tillate på ridetraséen opp til breen frå Tokheim og frå Sunndal. Hugs å få løyve frå aktuelle grunneigarar.

5.4 Regulering av ferdsel

Innanfor nærare avgrensa delar av nasjonalparken kan Miljødirektoratet ved forskrift regulere eller forby all ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet.

Regelen er ikkje gjeldande. Det følger av naturmangfaldlova § 34 at "Kongen i statsråd fastsett det enkelte verneområde, jf. §§ 35 til 39, ved forskrift".

Forskriftsreferanse

§ 3 punkt 6. Motorferdsel

6.1 Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter.

*6.2 Reglane i punkt 6.1 er **ikkje til hinder for**:*

a. Nødvendig ferdsel ved gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgaver bestemt av forvaltningsstyresmakta.

*6.3 Forvaltningsstyresmakta **kan gi løyve til**:*

Øvingskøyring til formål nemnt i punkt 6.2.a.

Motorferdsel i samband med husdyrhald.

Motorferdsel i samband med hogst av ved til eigen bruk etter punkt 2.3.

Motorferdsel i samband med merking og rydding av nye stiar og løyper etter punkt 1.3.f.

Motorferdsel for uttransport av felt storvilt.

Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus o.l.

Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport i samband med drift av turisthytter.

Bruk av påhengsmotor med inntil 10 hk på Hildalsvatnet.

Nødvendig motorferdsel i samband med drift, vedlikehald, og oppgradering/fornying av eksisterande energi- og kraftanlegg, jf. § 3 punkt 1.2.b. nr. 1 og 3

Retningsline r

Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter.

Dette gjeld for alle typer køyretøy med motor. Båt med motor på innsjø er ikkje tillate. For forvaltninga er det ei nasjonal føring at motorisert ferdsel skal haldast på et minimumsnivå i utmark. Dette er for å verne om dyreliv og vegetasjon, men også for å verne opplevinga av urørt natur utan unødig støy.

Når forvaltingsstyresmakta for verneområda gjev løyve etter verneforskrifta, bør det ikkje bli gjeve løyve som er meir lempelege enn det motorferdselslova tillet. Forvaltingsstyresmakta bør i størst mogleg grad samordne seg med kommunane når det gjeld saker som gjeld både verneforskrifta og motorferdselslova.

Forskriftsreferanse

6.2 Reglane i punkt 6.1 er ikkje til hinder for:

Nødvendig ferdsel ved gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgaver bestemt av forvaltningsstyresmakta.

Retningsline

Unntaksregelen speglar den generelle unntaksregelen i motorferdsellova og skal lette framkomme til naudsynt motorferdsel for aktørane som regelen omtalar. Virksomhet som omfattes av denne bestemmelsen er ikke søknadspliktig.

Unntaket gjeld ikkje for øvelsar eller kjentmannskøyring. Vi viser til retningsliner frå Klima- og miljødepartementet mot. Militær operativ verksemd, i eige brev.

Generelle retningsliner for løyve til motorferdsel

Omfanget av motorisert ferdsel i verneområda skal haldast lågast mogleg. Behovet for motortransport skal vurderast strengt og nøkternt før det vert gjeve løyve.

Alle som utfører transport, anten i medhald av vernereglane eller som dispensasjon, skal sjå til at transporten vert avgrensa til det som er naudsynt.

Om mogleg skal transporten samordnast med andre med løyver i området.

Motorisert ferdsel skal, så sant det er mogleg, finne stad på kvardagar og utanom helg og heilagdagar.

Motorisert persontransport er forbode. Basert på rundskriv frå regjeringa (sjå vedlegg "T-1/96") gjeld dette ikkje personar som sit på om ein har fått løyve til nyttetransport, så lenge dette ikkje fører til auka behov for motorferdsel. Om arbeidet skal utførast av profesjonelle handverkarar i arbeidssamanheng kan desse bli sendt med motorisert transport etter ei heilskapleg vurdering frå nasjonalparkstyret. Dette gjeld ikkje handverkarar som skal gjere t.d. dugnadsarbeid på fritida. Slike søknader vil bli handsama etter nml § 48.

Der transporten er årleg og regelfast, kan det gjevast fleirårige løyve, inntil fire år av gangen. Etter kvar sesong skal løyvehavaren sende ferdig utfylt køyrebok til nasjonalparkstyret innan fastsett frist.

På grunn av topografi i nasjonalparken er bruk av beltekjøretøy på vinterføre (skuter) kun aktuelt i avgrensa delar av nasjonalparken.

Løyve til motorferdsel for pressa (t.d. fotografar og journalistar), vil normalt ikkje verte gjeve. Unntak kan gjerast om aktiviteten kan medverke til å fremje verneføremålet. Dette gjeld også filming av TV-program.

Motorferdsle i høve aktivitetar som fremmer nasjonalparken sin eigenart og formidlar verneverdiane vil styret vurdere etter naturmangfaldlova § 48.

Forskriftsreferanse
§ 3 punkt 6. Motorferdsel
6.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:
a. Øvingskøyring til formål nemnt i punkt 6.2.a. Hjelpekorps og øvingskøyring

Retningsline:

Øvingskøyring til føremål nemnde i pkt. 6.2 a i vernereglane skal berre gjelde det som er naudsynt for å bli kjend i området. Øving og opplæring som like godt kan haldast andre stader, skal skje utanfor verneområdet.

Hjelpekorps skal utarbeide plan for øving som skal vere godkjend av politiet, «Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og i verneområder», 15. mai 2020 frå Klima- og miljødepartementet skal følges i handsaming av søknader.

Forskriftsreferanse
§ 3 punkt 6. Motorferdsel
6.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:
b. Motorferdsel i samband med husdyrhald.

Retningsline

Dette vert rekna som nødvendig transport i samband med husdyrhald:

- Frakt av utstyr til bruk i næringa, t.d. saltsteinar, gjerdematerial
- Material for vedlikehald av tilsynsbuer og stølshus
- Proviant til tilsynbuer og stølshus
- Helikoptertransport i samband med at husdyr går i skòrfeste.

Ved tilsyn av bufe bør drone vurderes som eit alternativ til bruk av helikopter jf. verneforskriften § 10.

Forskriftsreferanse
§ 3 punkt 6. Motorferdsel
6.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:
c. Motorferdsel i samband med hogst av ved til eigen bruk etter punkt 2.3.

Retningsline:

Du kan få løyve til motorisert ferdsel i samband med vedhogst når du har fått løyve til hogst til eigen bruk til hus/hytter i nasjonalparken. Løyve til motorferdsel bør bli gitt saman med hogstløyve, og avgrensast til det som er naudsynt for den einskilde hogsten.

Forskriftsreferanse
§ 3 punkt 6. Motorferdsel
6.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:
d. Motorferdsel i samband med merking og rydding av nye stiar og løyper etter punkt 1.3.f.

Retningsline

Motorferdsel til merking og rydding av nye stiar har til no ikkje vore aktuelt og bør haldast på eit minimum.

Forskriftsreferanse
§ 3 punkt 6. Motorferdsel
6.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:
e. Motorferdsel for uttransport av felt storvilt.

Retningsline

Vi har ein restriktiv praksis på å gje løyve motorferdsel til uttransport av felt storvilt. Det skal setjast vilkår om tal på turar og tidspunkt for motorferdsla. Løyvet kan ikkje nyttast

før etter at dyret er felt. I dei tilfelle der det jaktast djupt inne i verneområda, og der behovet er gjentakande, kan det verte vurdert fleirårige løyve, inntil fire år.

Det har vore gitt løyve til motorferdsel for uttransport av felt hjortevilt i to område i Folgefonna nasjonalpark: Sandvikedalen/Hjortedalen og Furebergsdalen.

Ei retningsline kan vere å opne for å gje løyve der det er store delar av det teljande arealet og naturlege jaktområdet til jaktfeltet som er innanfor nasjonalparken.

Forskriftsreferanse
§ 3 punkt 6. Motorferdsel
6.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:
f. Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus o.l.

Retningsliner:

Det er mest aktuelt med turar med helikopter, då terrenget gjer at motorferdsel med snøskuter fører til lange omvegar på grunn av terrenget.

Området frå Espeland til Vierdal og vidare til Buerdalen er det mest nytta snøskuter. Elles er det nytta mest helikopter på grunn av terrenget.

Ønskjer å lage kart over snøskutertraseane som vert nytta.

Forskriftsreferanse
§ 3 punkt 6. Motorferdsel
6.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:
g. Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport i samband med drift av turisthytter.

Retningsline

Turlaga skal lage ein overordna plan for korleis dei nyttar motorferdsel og kor mange turar dei treng til kvar turisthytte

Transport i samband med drift omfattar: transport av ved, gass og proviant, material til vedlikehald og drift av turisthytter, uttransport av avfall.

Nasjonalparkstyret kan godkjenne fleirårige løyve med ein plan på plass.

Det er mest aktuelt med turar med helikopter, då terrenget gjer at motorferdsel med snøskuter fører til lange omvegar på grunn av terrenget og liten lastekapasitet.

Motorisert persontransport er ikkje tillate.

Forskriftsreferanse
§ 3 punkt 6. Motorferdsel
6.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:
h. Bruk av påhengsmotor med inntil 10 hk på Hildalsvatnet

Retningsline

Det er opna for at forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak for bruk av påhengsmotor med inntil 10 hk på Hildalsvatnet i Kvinnherad. Bakgrunnen for denne unntaksregelen har vore å harmonisere verneforskrifta med motorferdselslova, som opnar for at kommunen gjennom forskrift kan gje løyve til motorferdsel på vatn under 2 km2 når det ligg føre særlege grunnar.

Dette må tolkast strengt også etter reglane i nasjonalparken, og vil i utgangspunktet verte nytta berre dersom det ikkje er i strid med verneføremålet. I praksis kan dette vere transport i tilknyting til landbruksnæringa, noko som i alle høve går fram av punkt 6.3 b i vernereglane

Forskriftsreferanse
§ 3 punkt 6. Motorferdsel
6.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:
i. Nødvendig motorferdsel i samband med drift, vedlikehald, og oppgradering/fornying av eksisterande energi- og kraftanlegg, jf. § 3 punkt 1.2.b. nr. 1 og 3.

Retningsline

Ved naudsynt motorferdsel i samband med tiltak eller episodar, skal kraftlaga søkje dispensasjon i kvart tilfelle. Der det let seg gjere skal kraftlaga samordne transporten med andre.

Unntaket gjeld ved istandsetjing etter akutt utfall, der melding om motorisert transport kan sendast forvaltingsstyresmakta i etterkant, jf. pkt. 1.2, b.

Forskriftsreferanse
§3 punkt 7 7.1 Forbod mot ureining

Ureining og forsøpling er forbode. All bruk av kjemiske middel som kan påverke naturmiljøet er forbode.

Retningsline:

All ureining er forbode og det er kvar og ein sitt ansvar å handtere eige avfall. Ved byggeløyve vil nasjonalparkstyret pålegge at alt avfall vert transportert ut av nasjonalparken innan byggjeprosjektet blir rekna som ferdig. Brenning av alt anna enn reint trevirke på dertil eigna bålplass er forbode. Ikkje brenn bål på nakent berg.

§ 48 i naturmangfaldlova

I tillegg til dispensasjon etter dei spesifikke dispensasjonsbestemmingane i verneforskrifta, kan forvaltningsmyndigheita gi dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48. Ein slik dispensasjon kan gis om tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig, om tryggleiksmessige omsyn gjer det naudsynt eller om vesentlege samfunnsmessige omsyn gjer det naudsynt.

Reglane i § 48 skal fungere som ein tryggleiksventil for tiltak som vi ikkje kunne sjå føre oss på vernetidspunktet eller spesielle tilfelle som ikkje blei vurdert på vernetidspunktet. I praksis vil det som oftast vere det første alternativet som blir vurdert. Dette er i utgangspunktet meint for bagatellmessige inngrep eller forbigåande forstyrringar. Dispensasjonsheimelen i § 48 er ein "kan-regel". Det betyr at sjølv om vilkåra for dispensasjon er oppfylte så er det ingen som kan krevje å få dispensasjon.

Forskriftstekst
§3 punkt 7 7.2 Støy
Bruk av motor på modellfly, modellbåt, isbor o.l. er forbode.

Retningsline:

Bruk av drone er forbode under denne regelen. Løyve til dronebruk må gis etter naturmangfaldlova § 48.

Vilkår som styret kan setje ved løyve

- Unngå sårbare område og tider, ikkje forstyrre friluftslivet.
- Avgrensa i flygetid og tidsrom.
- Dersom helikopter elles ville vore brukt, med tilsvarande vilkår.
- Dronepilot må vere registrert hos Luftfartstilsynet og følgje gjeldande reglar for droneoperasjonar.
- Kan gi løyve for inntil 4 år.
- Søknad må innehalde kart og formål

- Unngå sårbare område og tider
- Materiale skal merkast med løyve
- Ved publisering av film eller bilete skal det kome fram at det er gitt løyve frå nasjonalparkstyret.

Når er det aktuelt å gi løyve til dronebruk

Får normalt løyve om vilkåra er oppfylt:

- Landbruk
- Tilsyn med beitedyr, kan få fleirårig løyve inntil 4 år
- Leite etter dyr i skorfeste
- Tilsyn og drift av anlegg/installasjonar (t.d. kraftlinjer)
- Forvaltning og skjøtsel (nasjonalparkstyret/SNO) som ikkje er omfatta av nml § 47

Kan få løyve i særskilte tilfelle:

- Forsking og naturdokumentasjon
- Naturprogram og formidling av Folgefonna nasjonalpark
- Overordna marknadsføring av reiselivsdestinasjon
- Nyhendesaker (riksmedia)

Får normalt ikkje løyve:

- Enkeltbedrift med aktivitet i verneområdet
- Aktivitetsfirma for turdokumentasjon
- Private turar og filming for sosiale medium
- Underhaldningsprogram (riksmedia og internasjonalt)
- Spelefilm
- Reklame

§ 48 i naturmangfaldlova, forsking og undervisning

Forsking og undervisning

Forsking og undervising som vert lagt til verneområda skal ta omsyn til verneføremålet.

Forskingsprosjekt som krev dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldlova skal utførast av instans med relevant forskingskompetanse.

Forskingsprosjekt som vil medføre motorferdsel eller inngrep vert generelt fråråddd, men må vurderast i kvart enkelt tilfelle. Til dømes har Institutt for geovitskap hjå Universitetet i Bergen fått løyve til å ta radarmålingar av Folgefonna med helikopter og snøskuter.

Forskings- og undervisningsopplegg som like gjerne kan gjennomførast utanfor verneområda, bør visast dit.